




# Årsrapport 2024

Dokument 2 (2024-2025)



Framsidefoto: Taneli Lahtinen / Unsplash

ISBN 978-82-8229-617-5

# Innhald

|  |   |           |
|--|---|-----------|
| <b>1</b>   | <b>Inn i ei ny tid .....</b>                                    | <b>5</b>  |
| <b>2</b>   | <b>Kort om Riksrevisjonen .....</b>                             | <b>8</b>  |
| 2.1  | Samfunnsoppdraget .....   | 8         |
| 2.2  | Kva vi undersøkjer .....  | 8         |
| 2.3  | Kven vi undersøkjer .....                                       | 8         |
| 2.4  | Visjonen vår .....  | 8         |
| <b>3</b>   | <b>Aktivitetar og resultat i 2024.....</b>                      | <b>9</b>  |
| 3.1  | Revisjonar og undersøkingar .....                               | 9         |
| 3.2  | Målloppnåing innan dei strategiske måla våre .....              | 20        |
| <b>4</b>   | <b>Ny strategisk plan for Riksrevisjonen (2025–2027).....</b>   | <b>28</b> |
| <b>5</b>   | <b>Internasjonalt engasjement .....</b>                         | <b>36</b> |
| 5.1  | Utvikling av offentleg revisjon .....                           | 36        |
| 5.2  | Rapport om arbeidet i INTOSAI Development Initiative (IDI)..... | 39        |
| <b>6</b>   | <b>Organisasjon, styring og utvikling .....</b>                 | <b>46</b> |
| 6.1  | Rolle og oppgåver .....   | 46        |
| 6.2  | Riksrevisjonens organisasjon .....                              | 47        |
| 6.3  | Riksrevisjonen si styring av verksemda .....                    | 49        |
| <b>7</b>   | <b>Framtidsutsikter .....</b>                                   | <b>56</b> |
| <b>8</b>   | <b>Budsjett og rekneskap 2024.....</b>                          | <b>57</b> |
| 8.1  | Mindreforbruk .....   | 57        |
| 8.2  | Leiarløningar .....   | 57        |
| <b>Vedlegg .....</b>                                   |   | <b>59</b> |
| Vedlegg 1: Leiingskommentarar til årsrekneskapen ..... |   | 60        |
| Vedlegg 2: Årsrekneskap Riksrevisjonen .....           |   | 63        |
| Vedlegg 3: Revisjonsmelding .....                      |   | 90        |

Riksrevisorkollegiet, frå venstre:  
Anne Tingelstad Wøien, Arve Lønnum, Karl Eirik  
Schjøtt-Pedersen, Tom-Christer Nilsen og Helga  
Pedersen

Foto: Mathias Fossum / Riksrevisjonen



# 1 Inn i ei ny tid

Riksrevisjonen har i over 200 år bidrøge til tillit. Vi har vore ein garantist for Johan Sverdrups ord om «all makt i denne sal» og for at det dei folkevalde har bestemt, blir følgt. Gjennom åra har det vaks fram ein organisasjon, ein kultur, retningslinjer og praktiske løysingar om korleis vi best skal gjere dette. Det har skjedd gjennom stadige endringar og forbetringar.

No er vi på veg inn i ei ny tid. Dei teknologiske endringane gir oss store moglegheiter, men òg store utfordringar. Vi kan samle revisjonsbevis i mykje større omfang. Vi kan analysere store datamengder. Vi kan gjere nye typar undersøkingar.

Det gjer det mogleg å heve kvaliteten på revisjonsarbeidet vesentleg – fordi vi får vite endå meir og får kapasitet til å gjere fleire handlingar. Og det gjer det mogleg å få meir revision ut av dei ressursane vi har. Men det inneber òg risiko mellom anna knytt til tryggleik og personvern.

Derfor må vi arbeide annleis enn i dag. Vi skal bruke teknologien så langt det er føremålstenleg. Og vi skal bruke den verdifulle menneskelege kunnskapen til å handtere det teknologien gir oss. Det betyr at arbeidsprosessane og behova for kompetanse blir annleis.

Samstundes må vi avmystifisere endringane. Veldig mykje av revisjonshandverket vil ligge fast. Forståinga av om vi undersøkjer dei rette tinga, om undersøkingane er rette, krava til revisjonsbevis, forståinga av vesentlege feil og av kva som er mislege handlingar, vil ligge fast. Menneska er og vil framleis vere den viktigaste ressursen vår.

Å utnytte dei nye teknologiske moglegheitene er ei hovudretning i den nye strategien til Riksrevisjonen. Vi tek eit klart vegval: Så langt det er mogleg, skal vi bruke teknologi til å forbetre, forenkle og fornye måten vi arbeider på. Dette er viktig for å nå det eine av dei fire måla i den nye strategien vår: at vi er ein effektiv organisasjon. Men like viktig er det for å nå det kanskje viktigaste målet: at vi skal levere revisjon av høg kvalitet.

Heile samfunnsoppdraget vårt – å utøve kontroll på vegner av dei folkevalde – kviler på ein avgjerande premiss om at vi leverer revisjon av høg kvalitet. Derfor må vi heile tida strekkje oss for å sikre kvaliteten. Finn vi svakheiter, må vi tote å innrømme det. Og vi må rette feil raskt.

Vi må òg tenkje på det som er viktigast. Derfor har kollegiet i Riksrevisjonen vedteke at vi skal spesialisere rekneskapsrevisjonen slik at nokre koncentrerer seg fullt og heilt om den finansielle revisjonen og andre om kontroll av disposisjonane. Men spesialisering føreset at vi samarbeider godt, slik at dei forholda som vi avdekkjer i den finansielle revisjonen, blir bringa vidare til dei som skal trengje djupare inn i spørsmålet. Dette er òg eit vegval i strategien.

Så skal vi ta nye steg og ta på oss nye utfordringar. Vi har 200 års erfaring med å kontrollere rekneskapane til staten, men gjer vi nok for å analysere dei? Av statsrekneskapen kan vi lese kor stort Statens pensjonsfond er, men kvar står det kor store pensjonsforpliktingar staten har? Bør Riksrevisjonen spørje korleis den faktiske økonomiske stillinga i staten er? Dette og tilsvarande spørsmål skal vi løfte fram i ein ny seksjon for statsrekneskap og analyse.

Finansiell revisjon er tilbakeskodande, kontrollerande og stadfestande. Samstundes står visjonen vår fast: revisjon til nytte for morgondagens samfunn. For ja – revisjon er kontroll, men revisjon gir òg læring og forbetring. Det ser vi i den viktige jobben som revisorane våre gjer i å rettleie forvaltninga, slik at dei unngår å gjere feil.

Vi ser det i forvaltningsrevisjonen òg. I kva grad når forvaltninga måla som Stortinget hadde med vedtaka sine? Blir ressursane til staten utnytta effektivt? Forvaltar ein økonomien nøkternt og forsvarleg?

Vi er sikre på at ei årsak til det gode omdømet Riksrevisjonen har, er at folk ser på oss som relevante, og at vi set søkjelyset på det som er viktig for oss menneske, og på det som er viktig for dei folkevalde i Stortinget.

Stortinget ønskjer grannsemd og tverrgåande undersøkingar. Slike undersøkingar treng ikkje å kome til ei bestemd tid. Samstundes ønskjer Stortinget at vi fangar opp aktuelle tema. Då er relevansen avhengig av at vi leverer raskt. Dette illustrerer at vi treng ulike løysingar. Derfor er det tredje vegvalet i strategien at vi skal utvikle ein meir variert portefølje av forvaltningsrevisjonar.

Kvalitet er grunnmuren i alt vi gjer. Skal vi levere revisjon av høg kvalitet, er det avgjerande at vi sikrar, tek vare på og utviklar kompetanse. Derfor er arbeidet med kompetanse eit anna satsingsområde.

Men omdømet vårt avheng òg av at vi evnar å nå ut med bodskapen, at vi er tydelege, og at vi er til stades i samfunnsdebatten. Dei internasjonale retningslinjene for riksrevisjonar slår fast at riksrevisjonar skal bidra til debatt om forbetring av offentleg sektor og god utnytting av offentlege ressursar. Derfor skal vi ta ei aktiv rolle i debatten om høgare effektivitet og produktivitet, slik vi har gjort dei siste åra.

Men dialogen må gå begge vegar. Derfor skal vi vere opne for innspel frå samfunnet. Dette kan verke nytt, men her òg har dei internasjonale retningslinjene bana veg. Dei er tydelege på at vi skal ha dialog med ulike interessegrupper og vurdere innspela deira, men sjølvsagt utan å gå på akkord med sjølvstendet vårt.

Det er hit vi vil. Vi skal vere relevante og gi meirverdi, levere revisjon av høg kvalitet, vere ein effektiv organisasjon og vere aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen. Det er måla.

Fellesskapen er noko av det som pregar Riksrevisjonen. Ei felles stoltheit over samfunnsoppdraget. Vi har eit sterkt medarbeidarskap og eit uvanleg tett samspel mellom leiinga, tenestemannsorganisasjonane og vernetenesta. Vi må ha gode prosessar for å sikre gode endringar.

Vi skal ha godt arbeidsmiljø. Riksrevisjonen skal vere ein attraktiv arbeidsplass der det er spennande å jobbe. Men det er ikkje spennande å jobbe i Riksrevisjonen dersom vi ikkje klarer å vere moderne og tidhøvelege, og det er heller ikkje godt å arbeide her dersom arbeidsbelastninga er for stor. Derfor er det fjerde vegvalet å effektivisere arbeidsprosessar og organisering. Det heng nøye saman med det siste vegvalet: å hente ut økonomiske gevinstar til investering i kompetanse og teknologi, slik at vi nettopp kan utnytte dei nye teknologiske moglegitetene.

Det er dette som er Riksrevisjonen sin nye strategi og veg inn i ei ny tid. Vi skal løpande måle at vi er der vi skal vere. Derfor styrker vi verksemdsstyringa òg. Kvart år skal vi melde til Stortinget om vi har nådd eit sett resultatmål.

Vi er ikkje i Riksrevisjonen for å gjere det same som vi kunne gjort i eit privat revisjonsfirma eller konsulentelskap. Vi er her fordi vi har eit oppdrag frå Stortinget, fordi vi vil bidra til å styrke demokratiet og utvikle velferdssamfunnet. Vi er her fordi vi skal utføre revisjon som er til nytte for morgondagens samfunn.

Vedtatt i Riksrevisjonens møte 4. mars 2025

**Karl Eirik Schjøtt-Pedersen**

**Helga Pedersen**

**Tom-Christer Nilsen**

**Anne Tingelstad Wøien**

**Arve Lønnum**

---

Jens A. Gunvaldsen

## 2 Kort om Riksrevisjonen

### 2.1 Samfunnsoppdraget

Riksrevisjonen er Stortingets revisjons- og kontrollorgan og skal bidra til den demokratiske kontrollen med at ressursane til staten blir forvalta forsvarleg og effektivt og i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget.



Foto: Hest Agentur / Riksrevisjonen

### 2.2 Kva vi undersøkjer

- Er statlege rekneskapar korrekte?
- Blir det Stortinget har bestemt, gjennomført på ein effektiv måte?
- Korleis blir pengane Stortinget har løyvd, brukte?
- Jobbar statsforvaltninga i tråd med lover og reglar?

### 2.3 Kven vi undersøkjer

#### Regjeringa

Den utøvande styresmakta i Noreg. Har ansvar for å utføre det Stortinget bestemmer. Har òg initiativrett og føreslår saker som blir behandla av Stortinget.

#### Statsforvaltninga

Det administrative apparatet til regjeringa. Inkluderer departement, direktorat, tilsyn og andre statlege verksemder.

#### Statlege selskap

Staten eig mange ulike selskap, både heilt og delvis. Gjennom selskapskontroll undersøkjer vi om regjeringa tek vare på eigarinteressene til staten slik Stortinget har bestemt.

### 2.4 Visjonen vår

Revisjon til nytte for morgondagens samfunn.

#### 2.4.1 Nøkkeltal

| År                    | 2022  | 2023  | 2024  |
|-----------------------|-------|-------|-------|
| Tilsette              | 443   | 428   | 424   |
| Årsverk               | 417,5 | 407   | 401   |
| Budsjett (i mill. kr) | 629,5 | 646,7 | 677,4 |

# 3 Aktivitetar og resultat i 2024

## 3.1 Revisjonar og undersøkingar

### 3.1.1 Revisjon av årsrekneskapane og revisjon av statsrekneskapen

Vi har revidert statsrekneskapen og 235 årsrekneskapar for departement, statlege verksemder og fond for 2023. Dette inkluderer årsrekneskapen for Sametinget.

| Resultatet av revisjon av årsrekneskapane og statsrekneskapen |  |
|---|--|
| <b>235</b><br>reviderte<br>årsrekneskapar                     | <b>7</b> rekneskapar hadde vesentlege feil eller manglar.<br><b>7</b> verksemder hadde brot på administrativt regelverk.   |
| <b>Statsrekneskapen<br/>er kontrollert</b>                    | Statsrekneskapen er i det vesentlege rett avlagd og presentert.  |
| <b>5</b><br>revisjonar av<br>disposisjonane                   | <b>1</b> revisjon avdekte forhold som blei vurderte som <i>kritikkverdige</i> .<br><b>4</b> revisjonar avdekte forhold som blei vurderte som <i>ikke tilfredsstillande</i> . |

Kontrollen av statsrekneskapen byggjer på den finansielle revisjonen av departementa og dei underliggjande verksemndene og dessutan revisjonshandlingar retta mot sjølve statsrekneskapen.

Dokument 1 (2024-2025) viser at rekneskapane til staten i all hovudsak er rette og i samsvar med lover og reglar.

Vi fann i årsrekneskapane for 2023 at Statistisk sentralbyrå, Forsvaret, Forsvarsbygg, Helsedirektoratet, Kriminalomsorgsdirektoratet, Norsk polarinstitutt og Havforskningsinstituttet hadde vesentlege feil og manglar. Vi avdekte òg brot på administrativt regelverk hos sju verksemder. Dette inneber at verksemda har disponert løyvingane på ein måte som i vesentleg grad stirr mot administrative regelverk om økonomistyring i staten.<sup>1</sup>

Statsrekneskapen er ei samanstilling av alle statlege rekneskapar. Kontrollen av statsrekneskapen byggjer på den finansielle revisjonen av departementa og dei underliggjande verksemndene og dessutan revisjonshandlingar retta mot sjølve statsrekneskapen. Riksrevisjonen meiner at statsrekneskapen for 2023 i det vesentlege er rett avlagd og presentert.<sup>2</sup>

Revisjon av disposisjonar knytte til årsrekneskapen handlar om å kontrollere at statlege verksemder brukar pengane slik Stortinget har bestemt, og at dei følgjer lover og reglar. I 2024 rapporterte vi fem revisjonar av disposisjonane til Stortinget i Dokument 1 (2024-2025).

<sup>1</sup>Dokument 1 (2024-2025).

<sup>2</sup>Dokument 1 (2024-2025).

| Revisjon av disposisjonar som er rapporterte til Stortinget i 2024 |   |                      |
|--|---|----------------------|
| Kategori   | Undersøking   | Rapport              |
| Anskaffingar   |  <b>Oppfølging og kontroll av rammeavtaler i forsvarssektorens virksomheter</b><br>Forsvarsdepartementet           | Dok 1<br>(2024-2025) |
| Stønader og garantiar  |  <b>Behandling av feilutbetalinger i Arbeids- og velferdsetaten (Nav)</b><br>Arbeids- og inkluderingsdepartementet | Dok 1<br>(2024-2025) |
| Tilskot  |  <b>Tilskudd til klimatiltak</b><br>Klima- og miljødepartementet   | Dok 1<br>(2024-2025) |
|  | <b>Tilskudd til ressurskrevende helse- og omsorgstjenester</b><br>Kommunal- og distriktsdepartementet   | Dok 1<br>(2024-2025) |
| Andre disposisjonar  |  <b>DFØ som tjenesteleverandør for statlige regnskaper</b><br>Finansdepartementet                                  | Dok 1<br>(2024-2025) |

Ved inngangen til 2025 arbeidde vi med ytterlegare sju undersøkingar. Éi av desse involverer fleire departement.

| Pågående revisjonar av disposisjonar ved inngangen til 2025 |   |  |
|---|---|--|
| Kategori  | Undersøking   |  |
| Anskaffingar  |  <b>Anskaffelser i politiet</b>  |  |
| Skattar og avgifter   |  <b>Sektoravgifter og gebyrer i Direktoratet for medisinske produkt (DMP)</b><br><b>Kontroll av merverdiavgifter</b> |  |
| Stønader og garantiar                                       |  <b>Stønad til dekning av utgifter til ortopediske hjelpemidler</b>  |  |
| Tilskot   |  <b>Utdanningsdirektoratets økonomiske tilsyn av private barnehager og skoler</b>                                    |  |
| Andre disposisjonar   |  <b>Statlige virksomheters leieavtaler for lokaler i markedet</b><br><b>Habilitet i anskaffelser i Statsbygg</b>     |  |

## Innsikt

Vi må bruke kunnskapen frå periodiserte rekneskapar

**Periodiserte rekneskapar bidreg til betre og redusert ressursbruk, men blir lite brukte i statleg forvaltning. Riksrevisjonen etterspør ein meir aktiv bruk av periodisert rekneskap i styringa.**

**Av riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen**

Då statsbudsjettet blei lagt fram i haust, var det det fremste uttrykket for at den norske staten budsjetterer og fører rekneskapane sine etter kontantprinsippet. Det vil seie at rekneskapen viser kor mange kroner staten brukar kvart år, og ikkje minst kor sterkt løyvingane og skattane til staten påverkar aktiviteten i økonomien.

Siktemålet er at staten skal kunne bruke finanspolitikken - bruke budsjettet - til å stabilisere utviklinga i norsk økonomi. Dersom det er låg aktivitet og stor arbeidsløyse, bør staten bruke noko meir. Er det høg aktivitet og låg arbeidsløyse, bør staten halde noko igjen.



Foto: Noregs Bank

Denne styringa har lang tradisjon i Noreg og har gjennomgåande gitt gode resultat. Derfor er det òg brei semje om at statsrekneskapen skal baserast på kontantprinsippet. Men kontantprinsippet har nokre viktige avgrensingar. Dersom ein gjer ei investering som skal gi nytte over mange år, gjer kontantprinsippet likevel at heile utgifta blir rekneskapsført når betalinga skjer. I åra som følgjer, er ikkje kostnaden synleg i rekneskapen. Ein kontantrekneskap viser altså utgifter og inntekter når betalinga skjer, uavhengig av når aktiviteten blir gjennomført, og når ein har nytte av tiltaket.

Ein periodisert rekneskap viser påkomne kostnader og opptente inntekter i den perioden aktiviteten skjer i. Her kan ein balanseføre investeringa og så bruke avskrivingar til å fordele kostnadene over den levetida der tiltaket blir nytta. Periodisering av rekneskapsinformasjonen gir derfor eit rettare bilet av korleis ei investering verkar. Det gir meir innsyn og meir transparens, slik at det blir lettare å samanlikne ressursbruk mellom ulike verksemder og frå år til år. Verdiane kjem tydelegare fram. Periodisering gir betre oversikt over ressursbruken over tid. Det er derfor ein brukar periodiserte rekneskapar i private verksemder, der ein ikkje har det same behovet for å bidra til å stabilisere den samla økonomien i landet.

Dette er ei problemstilling som vil bli endå viktigare i åra framover av minst to grunnar. Den eine er at teknologi blir stadig viktigare. Dersom ei investering i ei ny digital løysing skal ha nytte over ti år, gir det lite nytte å vurdere tiltaket ut frå at heile kostnaden kjem i eitt år. Den andre grunnen er behovet for høgare produktivitet.

## Behovet for høgare produktivitet

Perspektivmeldinga er heilt tydeleg på behovet for å utføre oppgåvane smartare. Ho viser behovet for høgare produktivitet i offentleg verksemrd. Periodiserte rekneskapar gir betre grunnlag for å måle produktiviteten over tid og for å samanlikne ulike verksemder. Dette er viktige årsaker til at ei rekke statlege verksemder har teke i bruk periodiserte rekneskapar som eit tillegg til kontantrekneskapen, og at Finansdepartementet i 2021 fastsette at periodiserte rekneskapar etter

det som blir kalla Statlege rekneskapsstandardar, forkorta SRS, skulle bli obligatorisk for alle statlege verksemder, med ein innføringsperiode på fem år. Dette kjem i tillegg til rekneskapen basert på kontantprinsippet.

Alle dei nordiske nabolanda våre og dei fleste EU-land har allereie teke i bruk eller er i ferd med å ta i bruk periodiserte rekneskapar. Det ser ut til å vere vanleg at dei landa som baserer seg på eitt av prinsippa, supplerer med det andre. Då Finansdepartementet i budsjettet for 2017 drøfta innføring av slike felles rekneskapsstandardar, blei det berekna at innføringskostnadene kunne bli opp mot 160 millionar kroner, og at dei årlege driftskostnadene vil vere på meir enn 50 millionar kroner.

## Bør takast i bruk av fleire

Mange av departementa var skeptiske til ei slik innføring. Riksrevisjonen meiner at det å innføre dei nye standardane for periodiserte rekneskapar vil gi svært nyttig styringsinformasjon både for verksemndene og i etatsstyringa. Det vil gi informasjon om kva offentlege tenester faktisk kostar, og kva som blir økonomiske forpliktingar i framtida. Riksrevisjonen meiner derfor at dei nye standardane bør takast i bruk snarast mogleg som eit supplement til kontantprinsippet. Informasjonen bør nyttast aktivt for å gi innsikt i kostnader knytte til ulike aktivitetar og tenester, og med dette leggje til rette for meir effektiv ressursbruk.

Bruk av informasjonen som ein periodisert rekneskap gir, vil gjere det enklare å identifisere område der det er rom for forbetringar eller innsparingar. Men i møta våre med reviderte verksemder og i den innsikta vi har om dialogen mellom departementa og verksemndene, ser vi at informasjonen frå dei periodiserte rekneskapane i liten grad blir brukt. Det gjeld òg i verksemder som har rapportert etter SRS over fleire år.

## Staten går glipp av informasjon

Ved utgangen av 2023 rapporterte 84 av 235 statlege rekneskapar etter SRS. Dersom ikkje etats- og verksemdsstyringa blir oppdatert for å dra nytte av informasjonen som ligg i dei periodiserte verksemdsrekneskapane, vil staten ha investert i eit omfattande og til dels kostnadskrevjande tiltak utan at det har gitt noka avkastning som bidrag til betre ressursbruk og produktivitet.

Men endå viktigare: Då går staten glipp av viktig informasjon som kan gi betre innsikt i kva offentlege tenester faktisk kostar, og bidra til både betre og mindre ressursbruk. Og er det noko Riksrevisjonen ser behov for, er det nettopp å bruke ressursane betre, slik at vi kan frigjere pengar og personell som kan bidra til den framtidige veksten i helse- og omsorgstenestene til eit aukande tal på eldre.

Det er derfor viktig at innføringa av periodiserte rekneskapar ikkje berre blir sett på som ei teknisk oppgåve, men blir brukt aktivt i leiing og avgjerdstaking. Vi har innført periodiserte rekneskapar. Det gir svært nyttig informasjon. Dei kan bidra til betre og redusert ressursbruk. Det er vi avhengige av for å kunne handtere utfordringane i framtida.

Men då må vi ta dei i bruk.

### 3.1.2 Årleg selskapskontroll

Vi har kontrollert selskap der staten har ein stor eigardel. Riksrevisjonens kontroll for 2023 har omfatta forvaltninga av staten sine interesser under 13 departement og gjeld 42 heileigde aksjeselskap, 24 deleigde aksjeselskap, eitt ansvarleg selskap med delt ansvar, seks allmennaksjeselskap (ASA), åtte statsføretak, fire regionale helseføretak, 15 studentsamskipnader og ytterlegare seks selskap som er organiserte ved særskild lov. Mange av selskapa utfører samfunnskritiske oppgåver eller utgjer ein stor del av verdiskapinga i landet.<sup>3</sup>



Foto: Statnett

Kontrollen for rekneskapsåret 2023 har ikkje påvist større manglar ved eigarskapsutøvinga.<sup>4</sup>

### 3.1.3 Forvaltningsrevisjon

Det nye riksrevisorkolleget fastsette i 2022 eit rammeverk for strategiske prioriteringar av revisjonsoppgåver. Føremålet med overordna styringssignal er å bidra til at sakene vi fremjar for Stortinget, tek opp dei aller viktigaste tema for det norske samfunnet. Dei følgjande tema skal prioritertast:

|  |  |  |   |
|--|--|--|---|
|  | Omstillinga i samfunnet for å takle klimautfordringane   |  | Forhold som har særleg betydning for ressurstilgangen i samfunnet |
|  | Samfunnstryggleik og beredskap, inkludert IKT-tryggleik  |  | Forhold som har særleg betydning for ressursbruken i samfunnet    |
|  | Forbetring av offentleg sektor, inkludert digitalisering |  | Varetaking av sårbare grupper                                     |

Dei seks tema er ikkje rangerte. Det kan òg vere nødvendig å undersøke andre tema på bakgrunn av risiko og vesentlegheit.

I 2024 rapporterte vi 13 forvaltningsrevisjonar til Stortinget.

| Resultatet av forvaltningsrevisjonen                |  |
|---|--|
| <b>13</b><br>gjennomførte<br>forvaltningsrevisjonar | <b>1</b> revisjon avdekte forhold som blei vurderte som sterkt <i>kritikkverdige</i> .<br><b>9</b> revisjonar avdekte forhold som blei vurderte som <i>kritikkverdige</i> .<br><b>3</b> revisjonar avdekte forhold som blei vurderte som <i>ikke tilfredsstillande</i> . |

<sup>3</sup> Dokument 3:2 (2024–2025).

<sup>4</sup> Dokument 3:2 (2024–2025).



Vi nyttar tre ulike kritikkformer for dei sakene som vi rapporterer til Stortinget. Kritikken blir kategorisert som anten sterkt kritikkverdig, kritikkverdig eller ikkje tilfredsstillande. Det er kollegiet som vedtek alvorsgraden i kvar enkelt sak.

### *Sterkt kritikkverdig*

Vi nyttar denne kritikkforma når vi finn alvorlege svakheiter, feil og manglar som ofte kan få svært store konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

### *Kritikkverdig*

Vi nyttar denne kritikkforma når vi finn betydelege svakheiter, feil og manglar som ofte vil kunne få moderate til store konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

### *Ikkje tilfredsstillande*

Vi nyttar denne kritikkforma når vi finn svakheiter, feil og manglar, men som i mindre grad får direkte konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

Stortinget har understreka kor viktig det er at Riksrevisjonen vurderer vesentlegheit og risiko på tvers av departementa og gjennomfører sektorovergripande undersøkingar. Dette kan vi gjere fordi vi har ein unik tilgang til informasjon. Fire av dei rapporterte undersøkingane i 2024 involverte fleire departement. Talet på slike undersøkingar vil variere noko frå år til år.

| Forvaltningsrevisjonar som er rapporterte til Stortinget i 2024                                     |  |                         |
|---|--|-------------------------|
| Kategori  | Undersøking  | Rapport                 |
|  Klima             | <b>Myndighetenes styring og samordning for å nå Stortingets vedtatte klimamål</b><br>Klima- og miljødepartementet, Finansdepartementet, Energidepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet | Dok 3:15<br>(2023-2024) |
|   | <b>Statlige heleide selskapers klimafotavtrykk og påvirkning på natur</b><br>Samferdselsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet  | Dok 3:2<br>(2024-2025)  |
|  Samfunnstryggleik | <b>Informasjonssikkerhet i forskning innenfor kunnskapssektoren</b><br>Kunnskapsdepartementet  | Dok 3:11<br>(2023-2024) |
|   | <b>Gjennomføring av materiellinvesteringer i forsvarssektoren</b><br>Forsvarsdepartementet   | Dok 3:16<br>(2023-2024) |
|  Forbetring      | <b>Sømløse kollektivreiser</b><br>Samferdselsdepartementet   | Dok 3:10<br>(2023-2024) |
|   | <b>Risikostyring i de regionale helseforetakene og helseforetakene</b><br>Helse- og omsorgsdepartementet   | Dok 3:13<br>(2023-2024) |
|   | <b>Styresmaktene sitt arbeid med å redusere forseinkingar og innstillingar på jernbanen</b><br>Samferdselsdepartementet  | Dok 3:14<br>(2023-2024) |
|   | <b>Bruk av kunstig intelligens i staten</b><br>Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet   | Dok 3:18<br>(2023-2024) |
|   | <b>Helseplattformen i Midt-Norge</b><br>Helse- og omsorgsdepartementet   | Dok 3:3<br>(2024-2025)  |
|  Ressurs-tilgang | <b>Arbeidsretta bistand frå styresmaktene til unge utanfor arbeidslivet</b><br>Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet   | Dok 3:17<br>(2023-2024) |
|  Ressursbruk     | <b>Rehabilitering i helse- og omsorgstjenestene</b><br>Helse- og omsorgsdepartementet  | Dok 3:12<br>(2023-2024) |
|   | <b>Risikoen for økonomiske misligheter i forvaltningen av bistanden</b><br>Utanriksdepartementet   | Dok 3:4<br>(2024-2025)  |
|  Anna            | <b>Bonusordninger i selskaper med statlig eierandel</b><br>Energidepartementet, Finansdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet   | Dok 3:2<br>(2024-2025)  |

Ved inngangen til 2025 arbeidde vi med ytterlegare 18 forvaltningsrevisionar. Åtte av desse involverer fleire departement. Vidare er ni av dei pågående forvaltningsrevisionane retta mot statlege selskap eller område der statlege selskap er eit vesentleg verkemiddel.

| Pågående forvaltningsrevisionar ved inngangen til 2025 |  |
|--|--|
| Kategori   | Undersøking  |
| Klima  | <p><b>Kartlegging av naturverdier og klimaeffekter ved arealbruksendringer</b></p> <p><b>Reduksjon av klimagasser i jordbruket</b></p>   |
| Samfunnstryggleik                                      | <p><b>Myndighetenes arbeid med å sikre tilstrekkelig kapasitet i strømnettet for å møte samfunnets behov</b></p> <p><b>Målloppnåelse i Politiets sikkerhetstjeneste (PST)</b></p> <p><b>Sikring i havner</b></p> <p><b>Totalforsvaret</b></p>  |
| Forbetring   | <p><b>Bruk av helseteknologi for å flytte spesialisthelsetjenester nærmere pasienten</b></p> <p><b>Læremidler i grunnskoler og videregående opplæring</b></p> <p><b>Utviklingen av sammenhengende digitale tjenester</b></p>   |
| Ressurstillgang  | <p><b>Myndighetenes arbeid med å hindre frafall fra arbeidslivet</b></p>   |
| Ressursbruk  | <p><b>Bistand til klimatilpasning i utviklingsland</b></p> <p><b>Fordeling og kontroll av den sivile støtten til Nansen-programmet</b></p> <p><b>Samhandling for et bærekraftig helsevesen</b></p> <p><b>Tjenestetilbudet til barn og unge med psykiske plager og lidelser</b></p> <p><b>Bærekraft og kvalitet i eldreomsorgen</b></p> |
| Sårbare grupper  | <p><b>Forebygging av ungdomskriminalitet</b></p> <p><b>Helse- og velferdstjenester til personer med samtidige ruslidelser og psykiske lidelser</b></p> <p><b>Årsaker til utfordringer på barnevernsfeltet</b></p>  |

### 3.1.4 Riksrevisjonens arbeid med misferd

Grunnlaget for Riksrevisjonens ansvar for å bidra til å førebyggje og avdekke mislede handlingar byggjer på *lov om Riksrevisjonen* § 1-2. Omfanget av ansvar og den praktiske gjennomføringa byggjer på krava i INTOSAI sine standardar for dei tre revisjonstypane og Riksrevisjonens retningslinjer. Avdekking av mislede handlingar er ikkje hovudmålet med revisjonen, men revisoren tek med risikoen for mislede handlingar ved oppstarten av alle revisjonar. Revisoren er òg merksam

på indikasjonar på mislege handlingar ved gjennomføringa av revisjonen. Rutinane gjeld for alle revisionstypane. Dersom revisoren identifiserer lovbroter eller indikasjonar på dette, må revisoren følgje dette opp i samsvar med *lov om Riksrevisjonen* og ISSAI 2240.

I 2024 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon med mislege handlingar som tema: *Risikoene for økonomiske misligheter i forvaltningen av bistanden*. Riksrevisjonen vurderte det som kritikkverdig at Utanriksdepartementet og Norad sitt arbeid med å førebyggje, avdekkje og følgje opp økonomisk mislege handlingar ikkje er i samsvar med kva eigenarten, risikoen og vesentlegheita til bistandsforvaltninga skulle tilseie. Samla sett er forvaltninga si handtering av risikoen for økonomisk mislege handlingar i bistanden ikkje så effektiv som han kunne og burde ha vore. Svakheitene aukar risikoen for økonomisk mislege handlingar i tilknyting til norske bistandsmidlar og for at desse handlingane ikkje blir avdekte eller stoppa på eit tidleg tidspunkt.

Riksrevisjonen held kurs for dei tilsette om revisjon av mislege handlingar. På førespurnad held vi òg föredrag for eksterne om temaet mislege handlingar. I 2024 heldt vi mellom anna föredrag for Jernbanedirektoratet og for journaliststudentar ved OsloMet.

Riksrevisjonen har ein kryptert elektronisk tipskanal der vi får tips om mislege handlingar, opplysningar som gir grunn til mistankar om mislege handlingar, og andre kritikkverdige handlingar i statsforvaltninga. Riksrevisjonen fekk 84 tips i 2024 (82 i 2023). Tipsa fører sjeldan til eigne revisjonar, men er med på å gi relevant sektorinformasjon.

Litt om tipsa:

- 17 av tipsa var frå tilsette som tipsa om forhold i eiga verksemrd.
- 15 av tipsa handla om offentlege anskaffingar.
- 50 prosent av tipsa blei sende inn med fullt namn på avsendaren. Kanalen er kryptert, og namnet på avsendaren blir skjerma i arkivet. Når tipsaren sender med namn, er det mogleg for oss å kommunisere med vedkomande.

## Innsikt

### Oppfølging av ein ny langtidsplan for Forsvaret

**Løyvingane til Forsvaret aukar kraftig i ei tid med store tryggingsutfordringar. Mange av utfordringane i den nye langtidsplanen har dei seinare åra vore tekne opp i fleire revisjonar frå Riksrevisjonen.**

#### **Av avdelingsdirektør Thor Haakon Knudsen**

Den nye langtidsplanen tredde i kraft 1. januar i år. Bak planen står eit samla storting. Noreg vil totalt bruke 1 635 milliardar på forsvar fram til 2036. Det er ein auke på 611 milliardar kroner i forhold til nivået på budsjettet då planen blei vedteken i 2024. Det inneber at forsvarsbudsjettet blir nesten dobla i åra som kjem.

Utanriks- og forsvarskomiteen på Stortinget legg til grunn at Noreg treng eit truverdig og avskrekkande militært forsvar i ei tid med ein ny tryggingspolitisk situasjon. Komiteen peikar på at det er ei rekke ulike risikomoment ved gjennomføringa av planen, men understrekar at det er rett å gjennomføre han.

#### **Nødvendig kontroll**

Langtidsplanen byggjer mellom anna på Forsvarskommisjonen si utgreiing frå 2023. På bakgrunn av påviste svakheiter og dei store utfordringane framover meiner kommisjonen at Stortinget sin kontrollfunksjon blir viktigare, og at det er nødvendig med betre tilsyn og kontroll når ein skal bruke meir ressursar på forsvar.



Foto: Johnny Larsen / Forsvaret

Forsvarskommisjonen peikar på Riksrevisjonen etter å ha vurdert alternative tilsynsordningar. Riksrevisjonen har dei seinare åra gjennomført fleire revisjonar av den operative evna i Forsvaret. Dette vil òg vere ei prioritert oppgåve for oss i åra som kjem.

#### **Utfordringar**

Regjeringa vil først prioritere å utbetre svakheiter i dagens forsvar for å leggje til rette for vidare vekst. Planen prioriterer satsing innanfor fire hovudområde: auka evne til situasjonsforståing, fornying av Sjøforsvaret, styrking av luftvernet og auka kapasitet i Hæren og Heimevernet.

Vi har i fleire revisjonar peikt på utfordringar med dagens forsvar som òg vil ha relevans for prioriteringane i den nye langtidsplanen. Utfordringar med vedlikehald, reservedelar og ammunisjon er omtalte i fleire revisjonar, mellom anna i undersøkingane av den operative evna til fregattvåpenet og den operative evna til kampflya.

Tilstrekkeleg med personell og kompetanse er òg ein sentral føresetnad for langtidsplanen. Utfordringar med personell og kompetanse er tilbakevendande funn i forsvarsrevisjonane våre:

- [I undersøkingane av den operative evna til fregattane](#) viste vi til utfordringar i balansen mellom oppdrag og tilgjengelege ressursar når det gjeld personell og kompetanse.

- I rapporten om den operative evna til kampflya konstaterte vi at vedvarande mangel på personell og kompetanse gjer at Luftforsvaret ikkje fullt ut når kravet om full operativ kapasitet i 2025.
- I undersøkinga av informasjonssystema til Forsvaret fra 2022 fann vi at mangel på kompetanse har medverka til at forsvarssektoren ikkje har klart å løyse mange av utfordringane på IKT-området. Ei oppfølging av denne revisjonen blei rapportert til Stortinget i februar i år. Vi registrerer at personell og kompetanse framleis er ei utfordring, men at det blir gjennomført tiltak.
- Mangel på personell er òg ei hovudutfordring i investeringsprosessane. I undersøkinga av materiellinvesteringar i forsvarssektoren peikte vi på at utfordringar med personellressursar i både Forsvarsmateriell og Forsvaret er ei av årsakene til forseinkingar i framdrifta i prosjekta.

I den nye langtidsplanen blir det lagt opp til omfattande investeringar i nytt materiell. Utfordringar og manglande måloppnåing på materiellinvesteringsområdet er påpeikte i fleire av dei ovannemnde revisjonane. I revisjonen av materiellinvesteringar kom det fram at det generelt tek for lang tid frå eit operativt behov oppstår, til Forsvaret mottek materiellet og får effekt av det.

Materiellet har ofte òg redusert omfang eller yting samanlikna med dei opphavlege føresetnadene for anskaffinga. I tillegg finn vi at mangelfulle berekningar av levetidskostnader gjer at Forsvaret ikkje har nok kunnskap om kva det vil koste å drifta framtidig materiell.

I revisjonen av den operative evna til kampflya kom det fram at mangel på bueiningar bidrog til utfordringane med å rekruttere og behalde personell. Utanriks- og forsvarskomiteen har peikt på kor viktig det er å utarbeide ein heilskapleg plan for utbygging av eigedom, bygg og anlegg, som sikrar betre synkronisering mellom materiellplanar og personellopptrapping.

Utfordringar med styringa i departementet er òg eit tilbakevendande funn. Undersøkingane om fregattvåpenet, maritime helikopter til Sjøforsvaret, kampfly, informasjonssystem og materiellinvesteringar peikar alle på alvorlege utfordringar som både etatane i sektoren og Forsvarsdepartementet har kjent til over tid, men som dei ikkje har klart å løyse. I fleire av rapportane viser vi til at det er overlappande og uklare ansvarsforhold mellom etatane i sektoren, og at svak styring har svekt verdien av investeringar. Ubalanse mellom oppdrag og ressursar er òg noko som går igjen.

I den ferske oppfølginga vår av undersøkinga av informasjonssystem til bruk i operasjonar har vi merkt oss at Forsvarsdepartementet gjennom reforma Forsvarssektoren 24 har etablert ein ny styringsmodell i sektoren. Modellen er under implementering og skal løyse fleire av styringsutfordringane, men det er førebels for tidleg å seie noko om effekten.

Utanriks- og forsvarskomiteen understrekar at Noregs forsvarsevne ikkje berre er basert på Forsvaret og alliansesamarbeidet. Komiteen viser til at totalforsvaret omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom forsvarssektoren og det sivile samfunnet i fred, krise og krig. Den evna Forsvaret har til å forsvare landet, er summen av innsatsen til militære og sivile aktørar.

I løpet av året leverer vi ei undersøking av sivil støtte på regionalt og lokalt nivå til Forsvaret innanfor ramma av totalforsvaret. Undersøkinga byggjer opp under at sivilsamfunnet òg har mykje å seie for forsvarsevna.

## 3.2 Målloppnåing innan dei strategiske måla våre

Rapporteringa nedanfor er gjord på bakgrunn av den strategiske planen for 2018–2024, som gjekk ut 1. mai 2024, men som blei vidareført ut 2024 i påvente av ei ny lov.

### 3.2.1 Riksrevisjonen skal vere den fremste leverandøren i samfunnet av aktuell og relevant offentleg revisjon

#### Bidrag til Stortingets kontroll med forvaltninga

I Innst. 41 L (2024–2025) *Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Rapport fra utvalget til å utrede Riksrevisjonens virksomhet* viste kontroll- og konstitusjonskomiteen at Riksrevisjonen har vore eit organ for både Stortinget sin konstitusjonelle kontroll og for den parlamentariske kontrollen med regjeringa. Komiteen framheva igjen det han uttalte i samband med førre lov om Riksrevisjonen, ref. Innst. O. nr. 54 (2003–2004):

«Komiteen viser til at Riksrevisjonen bidrar med viktige innspill til Stortingets egen kontroll og fører kontroll med regjering og forvaltning på Stortingets vegne.

Riksrevisjonen legger viktige føringar for Stortingets kontrollarbeid gjennom sin behandling og innstilling på desisjon av de sentrale statsregnskaper, og sine rapporter som gir grunnlag for å vurdere om statsrådane har følgt opp sitt ansvar. Dette gir muligheter for å rette opp feil og mangler. Komiteen viser videre til at Riksrevisjonen har selvstendige revisjons- og kontrolloppgaver i forhold til den underliggende forvaltning».

I samband med behandlinga av Dokument 2 (2023–2024) understreka kontroll- og konstitusjonskomiteen «den svært viktige oppgaven Riksrevisjonen har for å sikre en god, ryddig og profesjonell offentlig sektor i Norge».⁵

Riksrevisjonen kartla Stortinget sin bruk av rapportane våre i 2023. Denne analysen viste at stortingsrepresentantane i 2023 refererte til 45 undersøkingar frå Riksrevisjonen i arbeidet sitt. Dette kjem i tillegg til den ordinære behandlinga av undersøkingane våre. Dei 45 undersøkingane blei brukte i totalt 121 tilvisingar og fordele seg på debattar, innstillingar, skriftlege spørsmål, representantforslag og spørjetimar.

#### Bidrag til forbetring av forvaltninga

Vi følgjer normalt opp undersøkingar to til tre år etter at Stortinget har behandla dei. Oppfølginga av tidlegare revisjonar viser at forvaltninga gjennomfører endringar og forbetringar i etterkant av revisionane. I nokre tilfelle avsluttar vi oppfølginga sjølv om det på tidspunktet for oppfølginga er for tidleg å vurdere om dei endringane som er sette i verk, vil føre til betre resultat. Dette kjem som hovudregel av at vi vurderer forvaltninga si oppfølging av Stortingets og Riksrevisjonens merknader som tilfredsstillande.




Foto: Stortinget

<sup>5</sup> Innst. 435 S (2023–2024).

I 2024 har vi følgt opp 25 tidlegare saker. I 22 av sakene avslutta vi oppfølginga vår, men dei resterande 3 sakene følgjer vi vidare.<sup>6</sup>

Dei årlege brukarundersøkingane viser at forvaltninga opplever at revisjonane våre er relevante og nytte, og at dei blir brukte til konkrete forbeteringar. Tilbakemeldingane er gjennomgående gode, og variasjonane er små frå år til år. Den opplevde nytta har lege stabilt høgt dei siste åra. Dette gjeld både for finansiell revisjon og for forvaltningsrevisjon, som figuren nedanfor viser (4 er høgaste skår).



Underveis i revisjonane rettleiar vi departementa og verksemndene. Erfaringa vår er at rettleiinga er godt eigna til å bidra til læring, utvikling og retting av feil og manglar.

## Konferansar, presentasjonar og dialogmøte

### Fagkonferansar er ein viktig del av samfunnsdialogen

Vi har eit særskilt ansvar for å formidle resultatet av undersøkingane våre til fagmiljø som kan ha nytte av det. Derfor er relevante fagkonferansar ein viktig arena for oss. I 2024 heldt både riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og representantar for revisjonsavdelingane innlegg på konferansar og arrangement over heile landet, som topplearkonferansen i staten, Arendalsveka og cybertryggleikskonferansen Attack.

### Ny rekord i presentasjonar

Undersøkinga av rehabilitering i helse- og omsorgstenestene, som kom i februar, fekk særleg stor merksemd. I 2024 heldt vi 28 presentasjonar om undersøkinga. Det er ny rekord!

Rehabilitering er eit av dei svakaste områda i helsevesenet. Det har vore kjent i mange år. Likevel viste undersøkinga at nesten ingenting hadde blitt betre sidan Riksrevisjonen sist såg på rehabilitering i 2012. Dette går ut over ei stor pasientgruppe som allereie er i ein sårbar situasjon.

<sup>6</sup> Dokument 1 (2024–2025), Dokument 3:1 (2024–2025) og Dokument 3:2 (2024–2025)

Sårbare grupper er eit prioritert revisjonsområde for Riksrevisjonen. For å bidra til forbetring på sikt prioriterer vi òg å formidle resultatet av desse undersøkingane til aktuelle miljø.

## Forbetringskonferansen 2024

I november 2024 gjennomførte Riksrevisjonen Forbetringskonferansen for andre gong. Vi sette søkjelyset på manglande samordning i statsforvaltninga og spurde: «Spenner sektorprinsippet bein på løysingane?»

Vi gjorde greie for dette med klima og kunstig intelligens som døme. Dette er område som er avhengige av god samordning for å løye utfordringane samfunnet står i, men undersøkingane til Riksrevisjonen viser at samordninga ikkje fungerer godt nok.

Målgruppa for konferansen er Stortinget, regjeringa, statsforvaltninga og andre sentrale samfunnsaktørar. 250 personar deltok på konferansen, med ei overvekt av leiarar i statsforvaltninga. Evalueringa viser at deltakarane var svært fornøgde. 98 prosent svarte at dei syntest temaet var interessant, 96 prosent at dei var fornøgde med det faglege innhaldet.

Vi jobbar med å etablere Forbetringskonferansen som ein årleg fagkonferanse. Konferansen vil ha ulike tema frå år til år, men med ein tydeleg raud tråd. For å sikre velferdstenestene i framtida må staten bruke ressursane sine betre. Derfor brukar vi konferansen til å innta ei aktiv rolle i debatten om forbetring av offentleg sektor gjennom auka effektivitet og produktivitet. I tråd med internasjonale standardar for offentleg revisjon er dette ei viktig oppgåve for riksrevisjonar.

I 2025 blir temaet for konferansen sysselsetjing og behovet for arbeidskraft.

## Nytte, truverd og relevans for allmenta

Undersøkingane våre er viktige bidrag i samfunnsdebatten, og media er den viktigaste kanalen vi har for å formidle funn til innbyggjarane. I 2024 blei Riksrevisjonen omtalt rundt 5500 gonger i media. Det er Riksrevisjonens konklusjonar og kritikk dei fleste medieomtalane tek utgangspunkt i. Når vi offentleggjer ei ny undersøking, gir det ofte brei medieomtale dei første dagane, men vi ser òg at mange undersøkingar blir brukte i mediesaker over tid. Det tek vi som eit teikn på at undersøkingane blir sett på som aktuelle og relevante bidrag til samfunnsdebatten.

Undersøkingane med flest omtalar i media:

- Riksrevisjonen si undersøking av Helseplattforma i Midt-Noreg
- Riksrevisjonen si undersøking av arbeidsretta bistand frå styresmaktene til unge utanfor arbeidslivet
- Riksrevisjonen si undersøking av styresmaktene sitt arbeid med å redusere forseinkingar og innstillingar på jernbanen

Nettstaden vår, riksrevisjonen.no, er samfunnet si hovudkjelde til funna og tilrådingane våre og til informasjon om samfunnsoppdraget vårt. I 2024 hadde nettstaden 75 455 unike brukarar som



Foto: Riksrevisjonen.

gjennomførte 278 500 besøk. Dei som besøkjer nettstaden, er først og fremst opptekne av nye rapportar.

Undersøkingane som var mest besøkte på nettstaden:

- Riksrevisjonen si undersøking av rehabilitering i helse- og omsorgstenestene
- Riksrevisjonen si undersøking av Helseplattforma i Midt-Noreg
- Riksrevisjonen si undersøking av bruk av kunstig intelligens i staten

Eit godt omdøme er viktig for ein organisasjon som vår, ikkje berre i forvaltninga, men òg i befolkninga elles. I undersøkinga *Traction Offentlig*, som målte tilliten til offentlege etatar i 2024, blei Riksrevisjonen nummer 1 av 30 og var den einaste verksemda med «svært godt omdøme». Undersøkinga blei gjennomført av kommunikasjonsbyrået Apeland og mediehuset Altinget, der eit representativt utval av befolkninga blei spurt om å vurdere etatane ut frå seks såkalla omdømedrivrarar: kvalitet, klima, leiing, etikk, innovasjon og ressursutnytting.

### **3.2.2 Riksrevisjonen skal gjennomføre revisjon og kontroll av høg kvalitet**

Vi vurderer kvaliteten på arbeidet vårt ut frå den faglege kvaliteten på revisjonane våre (produktkvalitet) og kvaliteten på prosessen og kommunikasjonen vi har med dei vi reviderer (prosesskvalitet).

#### **Produktkvalitet i revisjonane og undersøkingane våre**


Riksrevisjonens kvalitetsprogram er eit sentralt tiltak for å styrke verksemda og sikre at ho fungerer i samsvar med internasjonale standardar for kvalitet i offentleg revisjon. Programmet skal bidra til å sikre at styring og kvalitetsoppfølging er på eit høgt og rett nivå. Programmet inneheld tiltak innanfor områda

- finansiell revisjon
- kvalitetskontrollsystemet
- internrevisjon
- kompetanse
- etikk
- strategisk planlegging
- styringsdata
- verksemdsstyring

Fleire av tiltaka i programmet er gjennomførte, medan andre er under gjennomføring.

#### **Kvaliteten på prosessen med reviderte verksemder**

Vi skal vere profesjonelle, opne og brukarorienterte når vi kommuniserer med reviderte verksemder. I brukarundersøkingane vi sender til reviderte verksemder, spør vi korleis dei opplevde revisjonsprosessen og kommunikasjonen rundt dette. Over fleire år har vi fått gjennomgåande gode tilbakemeldingar, og forvaltninga opplever revisjonsprosessen som god (4 er høgaste skår).



### 3.2.3 Riksrevisjonen skal vere ein effektiv organisasjon

Vi har mange pågående utviklingsprosjekter. Desse er viktige for at vi utviklar oss i tråd med måla i strategien vår. Leveransane frå prosjekta legg til rette for auka effektivitet innanfor revisjon og i støttefunksjonar i åra framover. Dei forventa gevinstane handlar i hovudsak om økonomiske innsparingar, forenkling og redusert tids- og ressursbruk i arbeidsprosessar. Nedanfor følgjer informasjon om resultat frå prosjekt som blei avslutta i 2024, og nye målingar av gevinstar av tiltak som er avslutta tidlegare.

Styringsinformasjonsprosjektet blei avslutta i 2024. Det er ferdigstilt ein prototype for eit dashbord med styringsinformasjon for toppleiringa. Dashbordet samanstiller og visualiserer data om produksjon, framdrift og ressursbruk innan revisjon og utviklingsarbeid. Dette skal leggje betre til rette for systematisert og regelmessig informasjon. I den nye strategiske planen er det vedteke nye resultatindikatorar og tilhøyrande måltal som skal brukast i vurderinga av denne styringsinformasjonen.

Leveransane frå prosjektet skal bidra til målet om effektiv organisasjon ved å frigjere tid frå manuelle operasjonar. Det skal skje ved at styringsinformasjon om verksemda blir lettare tilgjengeleg, og gjennom automatiserte prosessar som gjer at ein brukar mindre tid på manuell innsamling og presentasjon av styringsinformasjonen. Basert mellom anna på denne leveransen frå styringsinformasjonsprosjektet har vi sett i gang eit eige tiltak for å skaffe eit digitalt verksemddsstyringssystem.

Tiltaket om ressursstyring av dei finansielle revisjonsoppdragene blei òg avslutta i 2024, men held fram som ein del av det løpende utviklingsarbeidet i rekneskapsrevisjonsavdelingane. Målet med tiltaket er å sikre tilstrekkeleg og rett bemanning på dei ulike revisjonsoppdragene på tvers av avdelingane og å unngå for høg arbeidsbelastning på enkeltpersonar.

Prosjektet om H-B-sone og nett blei avslutta i 2023. Leveransane frå prosjektet skal bidra til tre overordna gevinstar: forsvarleg tryggleiksnivå ved arbeid med tryggleiksgradert informasjon, betre arbeidsforhold ved arbeid med tryggleiksgradert informasjon og meir effektiv gjennomføring av tryggleiksgraderte revisjonar.

Vi gjennomførte ei undervegsevaluering vinteren 2024. Ho viser at nokre av føresetnadene for å lykkast med å realisere gevinstar framleis ikkje er på plass fullt ut. Dette handlar mellom anna om forseinka anskaffingar og at nødvendige tekniske løysingar ikkje er på plass enno.

## Innsikt

### Nyttig samarbeid med kommunerevisjonen

**Samarbeidet om undersøkinga av Helseplattforma i Midt-Noreg førte til at Stortinget fekk ein betre rapport enn om Riksrevisjonen hadde gjennomført undersøkinga åleine.**

#### *Av ekspedisjonssjef Annette Gohn-Hellum*

Kommunerevisjonen og Riksrevisjonen kontrollerer og undersøkjer ulike forvaltningsnivå. Begge bidreg til å ta vare på og styrke det norske demokratiet, og perspektiva våre utfyller kvarandre.

#### Oppmoda til samarbeid

I 2021 stilte den dåverande riksrevisoren Per-Kristian Foss dette spørsmålet i ein kronikk i Norsk kommunerevisjons medlemsblad:

«Kan vi samarbeide på nye måter og gi de folkevalgte et mer helhetlig bilde av hvordan vedtatt politikk følges opp og fungerer i praksis?»

Riksrevisjonen har eit par erfaringar frå samarbeidd med kommunerevisjonar for ein del år sidan. Det gjekk i stor grad ut på at vi undersøkte felles problemstillingar i statleg og kommunal sektor, men vi gjorde undersøkingane kvar for oss og rapporterte om dei samla funna.



Foto: Riksrevisjonen.

#### Helseplattforma

I haust fekk Stortinget sjå resultatet av eit tettare samarbeid enn vi nokon gong har gjennomført med ein kommunal revisjon, då vi leverte undersøkinga av Helseplattforma.

Helseplattforma er eit nytt felles system for pasientjournalar og ei samhandlingsløysing for kommunar, sjukehus, fastlegar og avtalespesialistar i Midt-Noreg.

Etter dei alvorlege feila som oppstod etter at Trondheim kommune og St. Olavs hospital tok systemet i bruk i 2022, vedtok Riksrevisjonen og Trondheim kommunerevisjon å setje i gang ei felles undersøking av kva problema kom av.

Konklusjonen var tydeleg: Innføringa av Helseplattforma har truga tryggleiken til pasientar i Midt-Noreg. Årsakene er samansette.

Ettersom vi rapporterer til ulike kontrollorgan, skreiv vi tre delrapportar: ein rapport frå undersøkinga til kommunerevisjonen, ein rapport frå undersøkinga til Riksrevisjonen undersøking og ein felles rapport som dekte problemstillingane vi hadde samarbeidd om. Saman gir dette eit breiare og betre kontrollgrunnlag.

#### Unik kompetanse

Arbeidet blei organisert med ei felles prosjektgruppe leidd frå Riksrevisjonen, med åtte medlemer - noko som er mykje større enn vanleg i forvaltningsrevisjonar. Normalen er ei gruppe på tre.

For Riksrevisjonen var det avgjerande å kunne trekke vekslar på den heilt unike kompetansen som kollegaene våre i kommunerevisjonen hadde om kommunen.

Dei har ein nærleik og kjennskap til kommunen vi ikkje kan ha, og dei hadde allereie kompetanse på dataa i kommunen.

Dei hadde oversikt over alle prosessane som hadde gått føre seg i kommunen, og dei hadde enkel tilgang til dokument og sentrale personar vi burde snakke med. Det var svært nyttig.

## **Meirverdi**

Spesielt samarbeidet om datainnsamlinga var verdifullt. Når to grupper med litt ulike perspektiv sit saman og intervjuar eller vurderer svar på spørjeundersøkingar, blir analysane betre. Dette gav ein stor meirverdi til revisjonen.

Særleg gjaldt dette problemstillingane om samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta og kostnadene til å gjennomføre prosjektet Helseplattforma.

Til dømes gjennomførte vi felles intervju for å kaste lys over samhandlinga, og det gav betre kvalitet på dataa enn om vi hadde gjort intervjuia kvar for oss.

Kommunerevisjonen hadde data om kva det kosta å innføre Helseplattforma i Trondheim, noko som vi trøng også, og kommunerevisjonen tok på seg arbeidet med å hente inn kostnadsdata frå andre kommunar enn Trondheim.

## **Breiare perspektiv**

Samarbeidet bidrog også til nyttige refleksjonar rundt skilnadene på statleg og kommunal styring. Riksrevisjonen kontrollerer statleg forvaltning. Konklusjonane våre legg derfor ofte vekt på det statlege perspektivet og verkemidla til staten.

Samarbeidet med kommunerevisjonen bidrog til diskusjonar om skilnaden på statlege og kommunale perspektiv og dilemma. Eit slikt breiare perspektiv opplevde vi som svært nyttig. Det gav oss også større tryggleik for funn og vurderingar.

## **Betre revisjon til saman**

Denne typen samarbeid krev tid og ressursar til førebuingar, avklaringar, analysar, drøfting av funn og rapportskriving.

Desse ekstrakostnadene må i alle slike samarbeidsprosjekt vurderast opp mot nytten.

I dette prosjektet opplevde vi stor grad av meirverdi. Det førte til at vi kunne levere ein betre revisjon til Stortinget enn vi hadde klart åleine.

# **4 Ny strategisk plan for Riksrevisjonen (2025-2027)**

Ny strategisk plan skulle vært gjeldende frå 1. mai 2024, men blei vidareført ut 2024 i påvente av ei ny lov. Riksrevisjonens strategiske plan for 2025-2027 ble derfor vedtatt av kollegiet 17. desember 2024.

## **Samfunnsmandat**

Riksrevisjonen skal bidra til den demokratiske kontrollen med at ressursane til staten blir forvalta forsvarleg og effektivt og i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget.

## **Verdiar**

### **Samspelverdiar:**

- lagånd
- openheit
- respekt

### **Omdømeverdiar:**

- kompetanse
- sjølvstende
- objektivitet

## **Visjon**

Revisjon til nytte for morgondagens samfunn

# Strategisk hovudretning for perioden 2025-2027

## Vi skal

- spesialisere oss innan rekneskapsrevisjonen
- utvikle ein meir variert portefølje av forvaltningsrevisjonar
- bruke nye teknologiske moglegheiter
- effektivisere arbeidsprosessar og organisering
- hente ut økonomiske gevinstar og investere dei i kompetanse og teknologi

## Riksrevisjonens strategiske mål

### Vi er relevante og gir meirverdi

Revisjonane våre fangar opp særleg viktige samfunnsomstsyn og gir Stortinget, forvaltninga og innbyggjarane ny informasjon og kunnskap.

#### Dei konkrete målsetjingane våre:

- bidra til Stortinget sin kontrollfunksjon ved å gi informasjon om ressursane til staten blir utnytta effektivt, i kva grad nasjonale mål blir nådde, og om statleg økonomiforvaltning er nøktern og forsvarleg
- bidra til å sikre tilliten til statlege rekneskapar og til at Stortinget sine vedtak og føresetnader er følgde
- gi forvaltninga ny informasjon som kan bidra til læring og forbetring
- bidra til utvikling av offentleg revisjon internasjonalt og gi hjelpe til riksrevisjonar i land der vi kan bidra til auka kapasitet og sjølvstende

### Vi leverer revisjon av høg kvalitet

Konklusjonane våre er truverdige og byggjer på tilstrekkeleg informasjon og grundige analysar.

#### Dei konkrete målsetjingane våre:

- oppfylle nasjonale og internasjonale standardar for offentleg revisjon
- ha sterke og spesialiserte kompetansemiljø innan alle revisjonstypar
- utnytte teknologiske moglegheiter til å hente inn, analysere og formidle revisjonsinformasjon
- utvikle kompetansen vår i tråd med den faglege og teknologiske kompleksiteten hos reviderte verksemder

## **Vi er ein effektiv organisasjon**

Vi er ei veldriven verksemد som legg vekt på kostnadseffektivitet og berekraft når vi gjennomfører oppgåvene våre

### **Dei konkrete målsetjingane våre:**

- gjennomføre kostnadseffektiv revisjon
- forenkle arbeidsprosessar og forbetra organiseringa, for å frigjere arbeidskraft til prioriterte oppgåver og redusere driftskostnader på alle nivå i organisasjonen
- bidra til det grøne skiftet gjennom val av miljøvenlege løysingar i alle delar av verksemda
- sørge for eit arbeidsmiljø prega av arbeidsglede, god kommunikasjon, medråderett og involvering og etterleve verdiane våre

## **Vi er aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen**

Vi styrker dialogen med Stortinget, forvaltninga og innbyggjarane for å fange opp moglege revisjonstema og formidle resultata av revisjonen vår.

### **Dei konkrete målsetjingane våre:**

- formidle resultata våre tydeleg i offentlegheita
- ha meir dialog med ulike interessentar for å få og bidra til innsikt
- gi uavhengige og objektive bidrag til debatten om forbetring av offentleg sektor
- vere opne om korleis vi jobbar, og korleis vi har kome fram til konklusjonane våre

## **Strategiske satsingsområde**

### **Utvikle rekneskapsrevisjonen**

#### **Vi skal**

- innrette arbeidsprosessar og organisere verksemda med spesialisering i sterke kompetansemiljø bruke spisskompetanse på tvers av organisasjonen
- ruste oss til å revidere verksemder der IT-kompleksiteten aukar
- definere arbeidsprosessar som sikrar einsarta gjennomføring av den finansielle revisjonen
- innrette revisjonsporteføljen for å sikre både fleksibilitet i utnyttinga av ressursar og einskapleg handtering av faglege problemstillingar
- standardisere, sentralisere og automatisere gjennomføringa av den finansielle revisjonen der det er føremålstenleg
- vidareutvikle eit spesialisert miljø for revisjon av disposisjonane og sikre rask oppfølging av risiko som blir identifisert i den finansielle revisjonen
- vidareutvikle eit spesialisert miljø for analyse av statsrekneskapsdata til bruk i revisjon og rapportering
- vidareutvikle revisjonen av statsrekneskapen i tråd med ny lov og automatisere attestasjonen
- bidra aktivt i utviklinga av rammeverket for statleg rekneskapsføring

## Utvikle forvaltningsrevisjonen

### Vi skal

- prioritere revisjonar ut frå dei strategiske revisjonsområda som vi har fastsett ut frå ei vurdering av særleg viktige samfunnsomsyn
- prioritere revisionar ut frå risiko, vesentlegheit og meirverdi for Stortinget, forvaltninga og innbyggjarane
- utvikle ein meir variert portefølje av forvaltningsrevisjonar og prioritere fleire revisjonar av store samfunnsutfordringar som krev ei brei tilnærming, og dessutan fleire tema- og tidsavgrensa revisjonar som kan rapporterast raskt til Stortinget
- leggje meir vekt på at revisjonane skjer på tvers av departementsområde, at revisionane omfattar fleire aktørar og ein breiare verkemiddelbruk, og at vi kastar lys over kvifor tiltak som er sette i verk, ikkje løyser vedvarande utfordringar
- utforske om ein breiare gjennomgang av fleire gjennomførte revisjonar avdekkjer tverrgåande utfordringar som bør følgjast opp
- gjere meir bruk av avansert teknologi og metodar for å analysere store datamengder når det er føremålstenleg
- gi overordna føringar om ressursbruk for revisjonane
- forenkle arbeidsprosessane for å redusere gjennomføringstid og kostnader knytte til kvar enkelt revisjon

## Sikre kompetanse

### Vi skal

- ha ein målretta strategi for å rekruttere personell med nødvendig kompetanse
- halde på og utvikle kompetanse i tråd med krav, forventningar og framtidige behov
- byggje robuste og spesialiserte kompetansemiljø i tråd med ein heilsakleg HR-strategi vidareutvikle heilsakplege læringsløp for medarbeidarar og leiarar innanfor alle revisjonstypar
- utvikle kompetanse hos alle tilsette for å setje oss i stand til å bruke digitale verktøy på ein trygg, kritisk og kreativ måte
- ha eit heilsakleg system for strategisk kompetansestyring i tråd med internasjonale standardar
- utvikle og ta i bruk verktøy og metodar for jamleg å følgje opp kompetansebehovet til verksemda og kompetansen og utviklingsbehovet til den enkelte
- samarbeide og dele erfaringar med andre riksrevisjonar, revisjonsmiljø og akademia for å utvikle morgondagens revisjon

## Utnytte teknologiske moglegheiter

### Vi skal

- bruke teknologi så langt det er mogleg, for å forbetra, forenkle og fornye drifta og måten vi arbeider på arbeide systematisk for å identifisere arbeidsprosessar som kan automatiserast, og automatisere desse ut frå ein kost-nytte-vurdering, slik at vi kan jobbe smart, forenkle arbeidskvardagen og frigjere tid til analyse og vurderingar
- utnytte teknologiske moglegheiter til å hente inn, analysere og formidle store mengder revisjonsinformasjon slik at vi kan auke kvaliteten i revisjonsarbeidet

- ta aktivt i bruk kunstig intelligens på ein ansvarleg måte både i revisjonsarbeidet og i utviklinga av organisasjonen, når det kan auke effektiviteten eller kvaliteten i arbeidet
- utvikle informasjonsforvaltning i tråd med beste praksis og nasjonale krav og retningslinjer, mellom anna for å ta omsyn til personvern
- ta i bruk støttesystem og verktøy for revisjon som skal gjøre det lett å følgje standardar og krav
- velje tilgjengelege standardløysingar og -applikasjonar så langt det er mogleg
- basere teknologi-investeringar på kost-nytte-vurderingar, ei «sky først»-tilnærming og beste praksis for tryggleik

## **Styrke verksemdsstyringa**

### **Vi skal**

- ha ei heilskapleg verksemdsstyring med styringsinformasjon som sikrar kostnadskontroll av revisjonsoppgåver og støttefunksjonar, utnytte ressursane godt, følgje opp prioriterte oppgåver systematisk og innrette verksemdsstyringa med resultatindikatorar for å følgje opp alle strategiske mål
- etablere eit heilskapleg kvalitetsstyringssystem i tråd med internasjonale standardar for riksrevisionar og krav i økonomiregelverket
- forenkle arbeidsprosessane i både revisjonar og støttefunksjonar for å frigjere ressursar til prioriterte oppgåver og redusere driftskostnadene
- leggje til rette for smidig samarbeid på tvers i organisasjonen når dette er viktig for å sikre heilskap og tverrfagleg kompetanse i oppgåveløysinga
- sørge for god informasjonsflyt internt gjennom effektiv internkommunikasjon
- utvikle langtidsbudsjett som legg til rette for nødvendige investeringar og strategiske satsingar gjennom ein planmessig reduksjon i løpende driftskostnader på alle nivå
- prioritere investeringsmidlar til utviklingstiltak som gir størst effektiviseringsgevinstar, og styrke og vidareutvikle prosessane for å måle og ta ut gevinstar av teknologiinvesteringane våre og andre store utviklingstiltak
- leggje vekt på berekraftige løysingar når gjennomfører oppgåver og gjer nye anskaffingar
- sørge for balanse mellom oppgåver og ressursar slik at belastninga ikkje blir for stor for medarbeidarane
- vareta partssamarbeidet ved å involvere tenestemannsorganisasjonane og vernetenesta både på formelle og på uformelle arenaer for samarbeid
- aktivt sørge for at Riksrevisjonen er ein inkluderande arbeidsplass kjenneteikna av eit positivt arbeidsmiljø og mangfold i alle ledd i organisasjonen
- sjå til at kultur, leiarskap og medarbeidarskap er prega av konstruktive tilbakemeldingar, verdiane lagånd, openheit og respekt og dessutan etterleving av leiar- og medarbeidarkrav

## Utvide samfunnsdialogen

### Vi skal

- formidle konklusjonar, kritikk og tilrådingar klart og tydeleg
- ha eit profesjonelt og aktivt forhold til media, som er ein viktig kanal for å formidle resultatet av revisjonane og undersøkingane våre til befolkninga
- delta på relevante arenaer for å gjere samfunnsoppdraget synleg og formidle bodskapane våre
- innta ei aktiv rolle i debatten om auka effektivitet og produktivitet i offentleg sektor
- gjere det enkelt for målgruppene våre å finne informasjonen dei treng, og utforske nye kommunikasjonskanalar basert på innsikt i behovet til målgruppene
- aktivt og systematisk be sentrale samfunnsaktørar, ulike sektorar og alle delar av landet om innspel til kva vi bør undersøkje, og bruke det til å vidareutvikle oss
- vere opne om eigen organisasjon, korleis vi jobbar og prioriterer oppgåver, og kva vi gjer for å forbetre oss
- dele data og leggje til rette for gjenbruk innanfor rammene av lova og kjeldevernet i revisjonen
- bruke nynorsk i minst 25 prosent av dei dokumenta våre som er allment tilgjengelege

## Innsikt

### Behov for meir samordning

Eit av dei viktigaste forvaltningsprinsippa våre er at statsråden er ansvarleg for alt som skjer innanfor ansvarsområdet sitt - sektoren sin. Samstundes er manglande samordning ein attergangar i undersøkingane til Riksrevisjonen. Spørsmålet vi stiller, er korleis vi tek vare på sektorprinsippet i ei tid som skrik etter meir samordning.

Av riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen

Sektoransvaret har klare fordelar: Ansvaret er klart. Det bidreg til effektiv styring. Men det bidreg òg til sektorisering og siloteking, der lojaliteten blir knytt til dei interessene sektoren har, ikkje til heilskapen. Det siste ser Riksrevisjonen ofte døme på i undersøkingane våre.

### Manglande samarbeid på tvers

For å få bukt med klimaendringane må styresmaktene setje inn tiltak som går på tvers av ulike sektorar og forvaltningsnivå. I juni i år la vi fram ei [undersøking av kva styring og samordning styresmaktene har for å nå klimamåla som Stortinget har vedteke](#), og der fann vi at dei ansvarlege departementa ikkje har klart å etablere ei styring og samordning som er tilpassa ei av dei største sektorovergripande utfordringane vi har i dag.

I mars 2022 la vi fram ei [undersøking av arbeidet til styresmaktene med å tilpasse infrastruktur og busetnad til eit klima i endring](#), og der fann vi at dagens samordning mellom departementa er for svak til å kunne gjennomføre nødvendige førebuingar og tilpassingar for å møte klimaendringane.



Foto: A. Davey / Creative Commons

Ei av dei største samfunnsmoglegheitene i dag finn vi i kunstig intelligens (KI). I september 2024 la vi fram ei [undersøking om bruk av KI i staten](#), og der fann vi at mange overordna oppgåver måtte handterast av kvar enkelt verksemد og kvart enkelt departement på eiga hand. Spørsmål om infrastruktur og juridiske avklaringar er i stor grad felles utfordringar, og vi vurderer det slik at utviklinga ikkje kan overlatast til kvar enkelt sektor.

I februar 2023 la vi fram ei [undersøking av digital tryggleik i sivil sektor](#), og der såg vi at svak samordning av roller, ansvar og krav gjer arbeidet krevjande.

### Tek ikkje samordningsansvaret

Regjeringa bestemmer sjølv korleis ho vil organisere arbeidet sitt. Det har ikkje Riksrevisjonen noka mening om. Men vi er i ein unik posisjon til å avdekke og ta opp tendensar vi ser i forvaltninga. Og er det noko som går igjen i undersøkingane våre, er det mangel på samordning mellom departementa og mellom etatane.

Dette har ein ofte prøvd å løyse ved at samordningsansvaret innanfor eit område er lagt til eit leiardepartement. Justisdepartementet har samordningsansvaret på beredskapsområdet, Digitaliseringsdepartementet på digitaliseringsområdet, Klimadepartementet på klimaområdet og så bortetter. Funna Riksrevisjonen har gjort, viser at utøvinga av samordningsansvaret ikkje fungerer godt nok.

I undersøkinga av digital tryggleik såg vi mellom anna at Justis- og beredskapsdepartementet kan gi føringer for korleis departementa skal gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar. Departementet har likevel valt ikkje å gi slike føringer.

Departementet har fullmakt til å stille krav til samfunnstryggleiksarbeidet til departementa, etablere nasjonale krav til den digitale tryggleiken og gi nærmere føresegner om si eiga samordningsrolle og sin eigen tilsynsfunksjon. Spørsmålet er om dei utøver den styringsmakta dei faktisk har.

Riksrevisjonen fann at Justisdepartementet ikkje har sørgt for at det er ei god nok samordning av roller, ansvar og krav. Riksrevisjonen meinte derfor at departementet ikkje varetek pådrivar- og samordningsansvaret godt nok til å handtere utfordringane på det digitale tryggleiksområdet.

I undersøkinga om kunstig intelligens i staten fann vi noko av det same. Det som i dag er Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, oppretta allereie i 2018 ei interdepartemental arbeidsgruppe for kunstig intelligens. Alle departementa er representerte. Men arbeidsgruppa har som regel ikkje diskutert utfordringar med utvikling og bruk av kunstig intelligens i underliggjande etatar og verksemder. Utveksling av informasjon er sjølvsagt viktig, men ikkje tilstrekkeleg for å sikre god samordning.

### **Har leiardepartementet autoritet nok?**

Regjeringa og departementa har forhåpentleg teke initiativ til forbetring etter at vi la fram undersøkingane våre, slik dei mellom anna har gjort i den nye digitale strategien. Undersøkingane gjer likevel at ein må stille det grunnleggande spørsmålet om leiardepartementa er utstyrt med nok autoritet, eller om dei ikkje tør utøve den autoriteten dei faktisk har.


Basert på undersøkingane vi har gjort, meiner vi det kan setjast spørsmålsteikn ved om leiardepartementa tek den leiinga ein må kunne forventa av dei. Har ein ansvar for å samordne, må ein faktisk gjere det - og samordning er meir enn å utveksle informasjon. Har ein ansvar for å vere pådrivar, må ein faktisk vere det.

Mykje kan tyde på at leiardepartementa ikkje synest dei har nok autoritet. Eit viktig spørsmål er derfor korleis denne autoriteten kan styrkast. Korleis kan regjeringsfellesskapen - som i siste instans vil bli stilt til ansvar - gi meir autoritet til dei som skal utøve samordningsansvaret på vegner av fellesskapen?

Riksrevisjonen undersøkjer om vedtaka og føresetnadene frå Stortinget blir følgde. Slik oppdraget vårt er definert, bidreg vi til debatt om viktige utfordringar i samfunnsstyringa. Derfor set vi søkjelyset på at samordninga sviktar, og at viktige oppgåver dermed ikkje blir utførte slik Stortinget ønskjer.

Men vi har ikkje noka meinинг om kva løysing som skal veljast. Det vi derimot har ei meinинг om, er at samordningskrafta må styrkast - i forhold til sektorkrafta. Får ein ikkje til det, vil det ikkje vere mogleg å nå dei måla som Stortinget har sett.

## 5 Internasjonalt engasjement



Vi har stor breidd i det internasjonale arbeidet vårt. Vi er aktive medlemer i internasjonale fagorganisasjonar for riksrevisjonar, vi inngår partnarsamarbeid for å styrke riksrevisjonar i svake demokrati, og vi deltek i revisjon av internasjonale organisasjonar.

I den strategiske planen for 2025–2027 er det ei konkret målsetjing om at Riksrevisjonen skal «bidra til utvikling av offentleg revisjon internasjonalt og gi hjelpe til riksrevisjonar i land der vi kan bidra til auka kapasitet og sjølvstende». Under satsingsområdet «sikre kompetanse» blir det slege fast at vi skal «samarbeide og dele erfaringar med andre riksrevisjonar, revisjonsmiljø og akademia for å utvikle morgondagens revisjon».

### 5.1 Utvikling av offentleg revisjon

Utviklinga av offentleg revisjon internasjonalt skjer hovudsakleg gjennom The International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI), som er den globale organisasjonen for riksrevisjonar. Organisasjonen utviklar standardar og eit felles internasjonalt rammeverk for offentleg revisjon, bidreg til kompetansedeling og arbeider for at riksrevisjonar skal vere uavhengige.

Riksrevisjonen bidreg til INTOSAI på fleire måtar. Leiaren av kollegiet i Riksrevisjonen er medlem av styret for INTOSAI i kraft av å vere styreleiar i IDI (sjå meir om IDI i kapittel 5.2). I tillegg leiar ekspedisjonssjef Åse Kristin Berglihn Hemsen det overordna koordineringsorganet for vidareutvikling av internasjonale standardar for offentleg revisjon, og Riksrevisjonen er representert i komiteane som har ansvar for standardutvikling for høvesvis finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og etterlevingsrevisjon. Vi er òg medlem av andre komitear og arbeidsgrupper i INTOSAI som er særleg relevante for arbeidet vårt.



Foto: Riksrevisjonen

Samarbeid med dei nordiske riksrevisjonane er framleis ein prioritet. I 2024 var Riksrevisjonen vertskap for det nordiske riksrevisor-møtet. Viktige tema på møtet var effektivisering i dei nordiske riksrevisjonane og erfaringsutveksling rundt implementering av ny teknologi og bruk av kunstig intelligens i revisjonen.

Vi samarbeider òg med riksrevisjonar som leiar an på område som dataanalyse, visualisering, bruk og revisjon av maskinlæringsalgoritmar og kunstig intelligens. Riksrevisjonane i Storbritannia, Tyskland, Nederland, Finland og Brasil deltek i dette samarbeidet.

### 5.1.1 Fagleg hjelpe til partnarinstitusjonar i utviklingsland og nye demokrati

Felles internasjonale standardar for revisjon gir oss eit godt utgangspunkt for å støtte andre riksrevisjonar i arbeidet deira med å betre forvaltninga av fellesskapsressursane i landet. Dette støttar opp om norske utanriks- og utviklingspolitiske målsetjingar ved å bidra til utvikling av godt styresett og førebygging av korruksjon.

Medarbeidarane i Riksrevisjonen er tilretteleggjarar og sparringspartnarar med utgangspunkt i lokal kontekst. Vi arbeider side om side med dei tilsette hos partnaren. Eit berande prinsipp er at vi hjelper institusjonane i pågåande arbeidsprosessar. Det at vi er til stades og har eit langtidsperspektiv på samarbeidet, er berebjelkar i prosjekta. Alle rådgivarane vi brukar, er våre eigne medarbeidrarar. Vi samarbeider berre med riksrevisjonar der vi trur det er mogleg å bidra til reelle forbetringar.



Foto: Riksrevisjonen

I 2024 har Riksrevisjonen ført vidare det bilaterale institusjonelle samarbeidet som vi har med riksrevisjonane i Nord-Makedonia, Namibia, Uganda og Albania. Vi er framleis regionalt forankra gjennom eit nært samarbeid med African Organisation of English-speaking Supreme Audit Institutions (AFROSAI-E), organisasjonen for engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika. Vi støttar IDIs institusjonsbyggingsarbeid på Madagaskar og vi har òg gjennomført nokre opplæringsaktivitetar for riksrevisjonen i Ukraina.

Riksrevisjonen har bidrige til etablering og opplæring av einingar for IT-revisjon / IT-revisjonsteam i fleire riksrevisjonar i samarbeidslanda våre. Desse teama har vore med på å kontrollere sentrale IT-system i forvaltninga og styrkje evna landa har til å avdekke og førebyggje risikoar knytte til digitale styringssystem.

Revisjon av utvinningsindustrien har vore eit prioritert område i mange av dei samarbeida Riksrevisjonen har. Dette er ein viktig sektor, spesielt i ressursrike land. Utvinningsindustrien utgjer ei stor inntektskjelde for mange land, men er òg ein sektor som er utsett for korruption og økonomiske tap. Sterke og effektive riksrevisionar kan bidra til betre og meir transparent kontroll av utvinningsindustrien og sikre at styresmaktene forvaltar naturressursane til det beste for befolkninga.

### 5.1.2 Spesielt satsingsområde i 2024: støtte til revisjon av IT-tryggleik på Balkan

Offentleg forvaltning blir digitalisert i raskt tempo over heile verda, og stadig fleire tenester og system er eksponerte for internett. Talet på cyberangrep har stige parallelt med digitaliseringa. For å verne data og offentlege tenester mot forstyrringar og eksponering må IT-revisorar forstå korleis tryggleksbrot skjer, og korleis dei kan forhindrast.

Internasjonalt opplever vi stadig større etterspurnad etter auka kompetanse på IT-system og betre forståing av korleis dei påverkar tryggleiken og risikoar i ulike organisasjonar. IT-revisjonsmiljøet vårt har kompetanse og kapasitet som vi bidreg med internasjonalt. Vi gir mellom anna revisjonsstøtte til fleire riksrevisionar på Balkan, for desse riksrevisionane og landa har vore utsette for omfattande cyberangrep som har fått alvorlege konsekvensar. Seminaret «Balkan cybersecurity workshop» blei arrangert i Oslo for å bygge kompetanse hos riksrevisionane på Balkan, slik at dei skulle bli betre til å sikre IT-systema sine mot alvorlege cyberangrep.



Seminar om cybertryggleik på Balkan  
Foto: Kl-generator av Riksrevisjonen

### 5.1.3 Kostnader ved utviklingssamarbeidet vårt

I 2024 brukte vi 11,3 millionar kroner i bistandsmidlar til OECD-DAC, mot 11,8 millionar kroner i 2023. Beløpet omfattar kostnader til utviklingssamarbeidet, som direkte utgifter og løn til medarbeidarane som deltek.

Finansiering av bistanden inngår i Riksrevisjonen sitt budsjett utan øyremerking og må prioriterast innanfor den samla budsjetttramma. Riksrevisjonen sin bistandsverksemd er noko redusert dei seinare åra. Dette kjem av ein kombinasjon av at det reelt er mindre midlar som er stilte til rådvelde, og at det har vore ei kostnadsutvikling for internasjonale reiser og opphold som langt har overgått inflasjonen innanlands.

Budsjettet til bistandsverksemda er lågt i forhold til det som blir rekna som nødvendig for å ha eit bistandsfagleg godt tilbod over tid. Særleg er det utfordrande at det per i dag ikkje er mogleg å finansiere stadlege rådgivarar i utlandet.

Stortinget har vedteke at det skal setjast ned «eit utval som skal sjå på finansieringa og organiseringa av Riksrevisjonen si deltaking i internasjonal bistandsverksemd, inkludert sekretariatsfunksjonen for INTOSAI Development Initiative (IDI).»<sup>7</sup>

### 5.1.4 Revisjon av internasjonale organisasjonar

Riksrevisjonen ønskjer å medverke til større openheit og betre forvaltning i internasjonale organisasjonar der Noreg er medlem. Vi tek derfor på oss oppdrag som ekstern revisor for

<sup>7</sup> Dokument 19 (2023-2024), Innst. 41 L (2024-2025).

internasjonale organisasjoner og har medlemer på oppdrag i revisjonsstyr i somme organisasjoner. Oppdraga gir oss verdifull kompetanse. Riksrevisjonen har likevel i seinare år gjort ei medviten nedprioritering av internasjonale revisjonsoppdrag. Bakgrunnen for dette er at det er ressurskrevjande å søkje slike oppdrag, og at det er vanskeleg å få full kostnadsdekning for oppdrag som ekstern revisor for internasjonale organisasjoner.

I 2024 leidde vi EFTA Board of Auditors og var representerte i revisjonsstyret i European Patent Office.

### 5.1.5 Samarbeid med EFTAs overvakingsorgan

Vi har ein intensjonsavtale om samarbeid med EFTAs overvakingsorgan, EFTA Surveillance Authority (ESA). Avtalen blei inngått i 2020. Vi utvekslar erfaringar gjennom møte, uformell dialog, kompetansetiltak og moglegheiter for hospitering. I 2024 har det, i tillegg til uformell dialog, vore eit møte mellom Riksrevisjonen og ESA om status for samarbeidet, og det er semje om å leggje vekt på gjensidig kunnskapsdeling og kompetanseoppbygging. Hausten 2024 har representantar frå ESA ved to høve halde foredrag for medarbeidarane i Riksrevisjonen om overvakingsorganet sitt arbeid med statsstøtte og den indre marknaden.

## 5.2 Rapport om arbeidet i INTOSAI Development Initiative (IDI)

### 5.2.1 Bakgrunn

INTOSAI Development Initiative (IDI) er eit globalt utviklingsorgan for riksrevisionar i utviklingsland.

Uavhengige og effektive riksrevisionar er ein berebjelke i arbeidet for å sikre velfungerande demokrati, nedkjempe korruption og fremje god offentleg finansforvaltning og eit godt styresett. Riksrevisionar arbeid bidreg òg direkte til delmål 16.6 av FN sine berekraftsmål: utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå». Revisjon av bistandsmidlar (inkludert frå Noreg) er òg ein del av mandatet til dei fleste riksrevisionane i IDI si målgruppe. Støtta til IDI bidreg dermed òg indirekte til å styrke kontrollen med norske hjelpe midlar.

IDI styrker riksrevisionar i utviklingsland gjennom ein portefølle av behovsbaserte, målretta og berekraftige utviklingsinitiativ. Verksemda omfattar kompetanseutvikling for leiarar og tilsette, organisasjonsutvikling og styrking av institusjonell kapasitet. Programma blir hovudsakleg gjennomførte for grupper av riksrevisionar (basert på språk og/eller geografisk plassering). IDI er ein integrert del av INTOSAI (International Organisation of Supreme Audit Institutions), som er ei verdssamanslutning av riksrevisionar med 196 medlemer.

IDI blei etablert i 1986, og Riksrevisjonen overtok vertskapet frå Canada i 2001. Overtakinga blei godkjend av Stortinget, jf. Dokument 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8 (1998–99), og dessutan INTOSAI sitt øvste organ (kongressen) i 1998. Det kjem fram av dokumenta at det ikkje er ein definert tidsperiode for vertskapet av IDI. I Noreg er IDI organisert som ei stifting etter stiftingslova, med eit styre og eit sekretariat. IDI er juridisk og økonomisk skilt frå Riksrevisjonen, men sekretariatet leiger lokale hos Riksrevisjonen.

I samband med vedtaket av ei ny lov om Riksrevisjonen i 2024 vedtok kontroll og konstitusjonskomiteen på Stortinget å setje ned eit utval som skal sjå på finansieringa og organiseringa av Riksrevisjonen si deltaking i internasjonal hjelpeverksemd, inkludert sekretariatsfunksjonen for IDI.

Styret i IDI blir leidd av riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og består av ti medlemer. Tre medlemer kjem frå den norske riksrevisjonen, inkludert Schjøtt-Pedersen. Ved inngangen til 2025 bestod dei resterande sju medlemene av riksrevisorar frå høvesvis Bhutan, Brasil, Storbritannia, Kenya, Saudi-Arabia, Sør-Afrika og Austerrike. IDI-sekretariatet har 55 tilsette frå rundt 30 land, og porteføljen av kapasitetsbyggingsprosjekt blir levert på arabisk, engelsk, fransk og spansk. Gjennom åra har IDI utvikla seg til eit internasjonalt anerkjent fagmiljø for offentleg revisjon.

## 5.2.2 Ny strategisk plan 2024-2029

Ei [ekstern evaluering av IDI](#) viser at IDI har nådd måla sine i den strategiske planen 2019-2023 trass i den utfordrande geopolitiske situasjonen og dei mange problema riksrevisjonar globalt står overfor. Den globale oppslutninga om arbeidet til IDI dei siste fem åra understrekar kor effektive dei strategiske vala er. Desse vala har vore drivne av behova til riksrevisjonane og formulerte i samråd med dei.

Den nye [strategiske planen for perioden 2024-2029](#) fører vidare hovudarbeidsområda med å støtte riksrevisjonar slik at dei blir meir uavhengige, veldrivne, profesjonelle og relevante, samstundes med at ein prioriterer likestilling og mangfold. Arbeidet støttar dei tre strategiske måla i planen: berekraft, digitalisering og offentleg tillit til riksrevisjonar. Ei anna viktig målsetjing er å gi meir føreseieleg og langsiktig støtte til riksrevisjonane, tilpassa deira eigne planar.

I løpet av dei første åra i planen (2024-26) forventar IDI mellom anna å bidra til over 60 revisjonsrapportar om berekraftsmål relaterte til klimatilpassing og over 25 revisjonsrapportar om offentleg bruk av teknologi. IDI sitt sertifiseringsprogram for offentlege revisorar innan rekneskaps-, forvaltnings- og etterlevingsrevisjon (PESA) blir tilbode årleg på engelsk og spansk, og det er planar om tilbod på fransk og arabisk. Målsetjinga er at meir enn 1 200 tilsette frå over 100 riksrevisjonar skal gjennomføre sertifiseringsprogrammet i perioden. IDI har òg som mål å støtte 15 riksrevisjonar i arbeidet med å styrke strategisk planlegging og resultatmåling. IDI har som mål å betre den offentlege tilliten til riksrevisjonar ved å gi over 30 land støtte til å styrke det juridiske rammeverket eller kapasiteten til å sørge for riksrevisjonen er uavhengig. I tillegg skal IDI bidra til at over 60 riksrevisjonar styrker samarbeidet med parlamenta og/eller sivilsamfunna sine, og at over 75 riksrevisjonar publiserer sine eigne revisjonsrapportar, strategiar og resultatrapportar. IDI vil òg halde fram med å tilby globale og regionale program for grupper av riksrevisjonar basert på etterspurnad. Saman med partnarar vil IDI òg gi skreddarsydd støtte til individuelle riksrevisjonar i sårbare statar som Den demokratiske republikken Kongo, Honduras, Kirgisistan, Libanon, Madagaskar, Somalia, Sør-Sudan og Tadsjikistan.

## 5.2.3 Høgdepunkt - resultat og aktivitetar i 2024

I 2024 heldt IDI fram med engasjementet for å støtte riksrevisjonar, spesielt i land der dei økonomiske utfordringane er store og korruptionen aukar på grunn av mellom anna krigar og intern uro. Meir enn 4 750 tilsette frå totalt 162 riksrevisjonar deltok i IDI sine kapasitetsbyggingsprogram og aktivitetar i 2024. Av desse var 1 870 tilsette frå 47 riksrevisjonar frå sårbare og veldig sårbare statar.

IDI sitt arbeid blir gjennomført i samarbeid med INTOSAI sine fagkomitear og arbeidsgrupper som utviklar standardar og rettleiingar, og som kan bidra med ekspertise i programma til IDI. Likestilling mellom kjønn blir fremja gjennom dei ulike initiativa frå IDI. I 2024 var 47 prosent av deltakarane frå riksrevisjonar i IDI sine initiativ kvinner.

IDI har òg ei rekke strategiske partnarar som IDI har drege stor nytte av i arbeidet sitt. Desse omfattar mellom anna Det internasjonale pengefondet (IMF), Verdsbanken, diverse FN-organ, Den interparlamentariske unionen (IPU), Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) og dessutan norske og utanlandske universitet og fagmiljø. IDI er òg operasjonelt ansvarleg for INTOSAI-givarsamarbeidet. Gjennom samarbeidet deltek riksrevisjonar og givarar i eit felles initiativ for ei meir strategisk tilnærming og auka støtte til styrking av riksrevisjonar i utviklingsland.

## **Uavhengige riksrevisjonar**

At riksrevisjonane er uavhengige, er avgjerande for at dei skal kunne utføre arbeidet sitt effektivt og truverdig. Likevel viser IDI sin rapport om utviklinga, utfordringane og moglegheitene til riksrevisjonane, [2023 Global SAI Stocktaking Report](#), at tilbakegangen for demokratiet i mange land har gått ut over sjølvstendet til riksrevisjonane. Dette er ei alvorleg utvikling, og vi har no sett ti år med svekt sjølvstende for riksrevisjonar på eit globalt nivå.

I 2024 har IDI mellom anna støtta riksrevisjonane i Costa Rica, Polen, Kypros, Montenegro, São Tomé, Sierra Leone og Spania, der det har vore konkrete forsøk på å undergrave sjølvstendet deira. I tillegg har IDI gitt støtte til sivilsamfunn og det juridiske rammeverket for å styrke sjølvstendet til riksrevisjonane i Malawi, Malta, Nigeria, Papua Ny-Guinea, Paraguay, Salomonøyane og Zambia.

2024 var det tredje året då Helen Clark, tidlegare sjef for UNDP og statsminister på New Zealand, var goodwill-ambassadør for sjølvstendet til riksrevisjonane gjennom INTOSAI-givarsamarbeidet.

## **Profesjonelle riksrevisjonar**

I tillegg til at riksrevisjonane er uavhengige, er det heilt sentralt at riksrevisjonar i utviklingsland utfører revisjonar på ein profesjonell måte i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane for riksrevisjonar. Standardane er samla i eit omfattande rammeverk som omfattar krav til mellom anna mandat, organisering og metodar. Riksrevisjonar i utviklingsland har gjennomgåande store behov for støtte til å innføre standardane. Ein føresetnad her er å sikre at riksrevisjonar utviklar ein kritisk masse av kompetente revisorar med god kunnskap om standardane. Fordi behovet er stort, har IDI utvikla eit internasjonalt sertifiseringsprogram for offentlege revisorar i utviklingsland. Dette blir tilbode digitalt på engelsk og spansk, og det er planar om å lansere det på arabisk og fransk òg. Det inneholder ein tverrfagleg komponent med spesialisering innan anten forvaltningsrevisjon, rekneskapsrevisjon eller etterlevingsrevisjon. Ved slutten av 2024 har over 1 400 tilsette revisorar frå 96 riksrevisjonar vore med på PESA-programmet.

Det har òg kome nye standardar for kvalitetsstyring med omsyn til revisjonar. Dette er eit anna område der det er stort behov for støtte. Derfor starta IDI eit nytt program for dette i 2024.

## **Velfungerande riksrevisjonar**

Riksrevisjonar bør òg gå føre med eit godt døme når det gjeld styresett, strategisk leiing og god resultatrapperting. IDI har derfor utvikla ei rekke program som rettar seg mot dette. Dette inkluderer eit globalt program for strategisk og operativ planlegging og rapportering og dessutan eit globalt rammeverk for å måle korleis ein riksrevisjon opererer samanlikna med internasjonale standardar og god forvaltningspraksis. Rammeverket har vore nytta av meir enn 100 riksrevisjonar, inkludert Riksrevisjonen i Noreg. IDI tilbyr òg program for personalforvaltning og IKT-styring og eit eige program for risikostyring og krisehandtering. Desse programma styrkjer dei systema og prosessane riksrevisjonane har til å forvalte ressursane sine.

## **Relevante riksrevisjonar**

IDI ser positive resultat når riksrevisjonar i aukande grad prioriterer revisjonar som har stor samfunnsmessig nytte. Gjennom mellom anna støtte frå IDI gjennomførte nesten alle riksrevisjonane revisjonar av korleis covid-midlar blei brukte, og meir enn 100 riksrevisjonar har fått støtte til å gjennomføre revisjonar av berekraftsmåla. I 2024 støtta IDI riksrevisjonar slik at dei kunne planlegge, gjennomføre og rapportere frå revisjonar på område som klimatiltak (48 riksrevisjonar), likestilling (27 riksrevisjonar) og bruken av teknologi i offentleg sektor (30 riksrevisjonar).

## **Leiing**

IDI legg stor vekt på å styrke leiingsfunksjonen i riksrevisjonane, fordi ei dyktig og strategisk leiing er ein føresetnad for uavhengige og effektive riksrevisjonar. Dette inkluderer eit årleg utviklingsprogram for opptil 25 talentfulle unge leiarar frå riksrevisjonar og dessutan tematiske meisterklassar for leiarar av riksrevisjonar. Leiing er òg integrert i alle programma i porteføljen. At leiarar deltek, er òg viktig for å sikre eigarskap til initiativa og for å sikre at nødvendige ressursar er tilgjengelege for å gjennomføre initiativa.

Arbeidet med kontinuerleg forbetring av planlegging og rapportering av resultatoppnåing i IDI har halde fram i 2024, og eit felles resultatrammeverk for heile IDI er teke med i IDI sin nye strategiske plan for å sikre ei integrert rapportering som knytt til dei strategiske måla.

IDI utarbeider ein årleg rapport som blir behandla i styret, publisert og delt med interessentar. Rapporten for 2023 finn ein [her](#).

Årsrapporten for 2024 skal behandlast på IDI sitt styremøte tidleg i 2025 og vil bli sendt til Stortinget som utrykt vedlegg til denne årsrapporten.

## **5.2.4 Finansiering og økonomi**

Tala for 2024 er førebelse, ikkje revisorgodkjende tal per 1. februar 2025. Årsrapporten inkludert rekneskapen skal etter planen vere ferdig og styregodkjend i april 2025. Sjå årsrapport for 2023 og rekneskap [her](#).

## **Samandrag**

IDI er avhengig av finansiering frå givarar og dessutan store bidrag frå riksrevisjonar for å skaffe ressursar til kapasitetsutvikling. Dei totale utgiftene og den inntektsførte støtta på 129 millionar kroner for 2024 reflekterte at aktiviteten hadde auka med 17 prosent sidan 2023, noko som var i tråd med det reviderte budsjettet. Støtta til finansiering av IDI-programma kom frå givarar i tolv land og frå EU, den asiatiske utviklingsbanken (ADB) og medlemskontingentar frå INTOSAI. Utover finansieringa har IDI fått verdifull støtte til aktivitetar i form av tid som tilsette hovudsakleg frå riksrevisjonar har brukt på dei. Denne støtta utgjorde 3 767 dagsverk som er estimerte til ein verdi på 17 millionar kroner eller 13 prosent av IDI sine kostnader. IDI hadde ved årsskiftet 3,8 millionar kroner i frie reserver som ein buffer for å sikre kontinuitet i drifta.

## **Utgifter**

Totalte utgifter var på 129 millionar kroner. Overheadkostnadene til drift av sekretariatet var noko høgare enn i det reviderte budsjettet hovudsakleg på grunn av høgare kostnader ved ombygging av IDI sitt kontor, IT-utstyr, IT-lisensar og dessutan forsikringskostnader. Personalkostnadene for programaktivitetane var høgare enn i det reviderte budsjettet som følgje av auka pensjonskostnader og underbudsjettering for nytilsette i 2024. Driftskostnadene for

programaktivitetane, som reisekostnader, konferansekostnader og konsulentkostnader, var lågare enn i budsjettet på grunn av endring og forskyving til 2025 av nokre aktivitetar. IDI heldt fram sin støtte gjennom ei blanding av digital støtte og reiser til fysiske samlingar og konferansar.

|   | Budsjett 2024 | Revidert budsjett<br>2024 | Budsjett 2023 |
|---|---------------|---------------------------|---------------|
| Personalkostnad til drift<br>av sekretariat   | 8,6           | 8,6                       | 8,0           |
| Overheadkostnader til<br>drift av sekretariat | 15,4          | 13,5                      | 10,5          |
| Personalkostnad<br>programaktivitetar         | 54,8          | 50,5                      | 50,1          |
| Driftskostnader<br>programaktivitetar         | 50,4          | 57,7                      | 41,1          |
| Totalkostnader/-inntekter                     | <b>129,2</b>  | <b>130,2</b>              | <b>110,6</b>  |

## Inntekter

Stortinget si løyving (gjennom Riksrevisjonen) til drifta av IDI -sekretariatet i 2024 utgjorde om lag 23 prosent av den inntektsførte støtte til IDI, samanlikna med 29 prosent i 2023 og 36 prosent i 2022. Ein vesentleg del av kostnadene for IDI-sekretariatet (hovudsakleg løns- og reisekostnader) handlar om konkrete programaktivitetar, medan ein mindre del dekkjer intern administrasjon. I 2024 blei tilskotet frå Riksrevisjonen i stor grad brukt til intern administrasjon, men òg til støtte av programaktivitetane. Driftstilskotet har vore ein føresetnad for at Riksrevisjonen har kunna ta på seg oppgåva med å vere vertskap for IDI.

Utover tilskotet frå Riksrevisjonen, fekk IDI kjernestøtte frå Austerrike (ADA), Irland (Irish Aid), Latvias riksrevisjon, Sverige (Sida) og INTOSAI. IDI fekk òg øyremerkte midlar frå desse organisasjonane:

- Den asiatiske utviklingsbanken (ADB)
- UD Canada
- Den europeiske unionen
- UD Frankrike
- Det tyske hjelpeorganet, GIZ
- UD Norge via den norske ambassaden i Kenya og Sør-Sudan
- NORAD
- riksrevisjonen i Saudi-Arabia
- Sveits' sekretariat for økonomi og arbeidsmarknad
- USAs bistandsorgan (USAID)<sup>8</sup>

## Reservar

IDI framfører utsette inntekter på ca. 54 millionar kroner inkludert 43 millionar kroner av midlar som er mottekne på forskot for aktivitetar som skal gjerast i 2025/2026. Ved utgangen av 2024 var dei største saldoane knytte til Sveits (41 millionar kroner), Canada, EU og Riksrevisjonen. I tillegg til utsett inntekt hadde IDI ved årsskiftet 3,8 millionar kroner i frie reservar som ein buffer for å sikre

<sup>8</sup> I første del av 2025 har IDI blitt informert om at all støtte frå USAID blir innstilt inntil vidare. No er det derfor svært usikkert om støtta frå USA vil halde fram.

kontinuitet i drifta. Avsetninga inkluderer grunnkapital, akkumulert rente på grunnkapital og akkumulert finansiering frå INTOSAI ført under netto eigedelar i rekneskapen.

## Bidrag frå riksrevisjonar

IDI si evne til å mobilisere støtte frå INTOSAI-fellesskapen var viktig i 2024 òg. I 2024 bidrog riksrevisjonane i Brasil, Canada, Caymanøyane, Tunisia og Indonesia med støtte til IDI med del- og heiltidstilsette. Ei rekke andre riksrevisjonar bidrog med ekspertar og var vertskap for IDI sine aktivitetar. I 2023 var støtta til IDI om lag 2777 dagsverk eller 13 årsverk til ein verdi av 13,1 millionar kroner, noko som var 12 prosent av IDI sine kostnader. I 2024 auka støtta til IDI til om lag 3767 dagsverk eller 17 årsverk med ein verdi på 17 millionar kroner eller 13 prosent av IDI sine kostnader.

### 5.2.5 Økonomisk berekraft

IDI sin finansieringssituasjon var solid i 2024 med fornya støtte til IDI sin nye strategi for perioden 2024-2029. Eksisterande givarar har fornya finansieringa for delar av den strategiske perioden 2024-2029 med både kjernestøtte og øyremerkt støtte. I 2024 blei det signert finansieringsavtalar med desse partnarane:

Kjernestøtte:

- Austerrike for perioden 2024-2029
- Irland for eitt år om gongen perioden 2024-2029
- Latvias riksrevisjon for 2025

Øyremerkt støtte:

- Den europeiske unionen for 3,5 år
- UD Frankrike for 2024 og 2025
- Saudi-Arabias riksrevisjon for perioden 2025-2025
- Sveits' sekretariat for økonomi og arbeidsmarknad for perioden 2024-2027
- USAs bistandsorgan for perioden 2024-2029

IDI har små reserver. Det er vanskeleg å byggje opp reserver, sidan avtalane med givarane tilseier at ubrukte midlar må betalast tilbake. Dette vil seie at organisasjonen er sårbar ved tap av givarar, og at god økonomisk styring er sentralt. I 2024 var trenden framleis at IDI sine aktivitetar er baserte på utvikling av e-læring kombinert med fysiske arrangement. Dette har ført til at dei faste lønskostnadene har auka, og at det framleis er store reisekostnader. Dette gjer IDI meir sårbart for tap av finansiering fordi personalkostnadene ikkje kan justerast like lett som reiseaktivitet. Globale og nasjonale krisar kan ha alvorlege konsekvensar både for IDI si finansiering og for IDI si evne til å absorbere midlar. Ein kontinuerleg dialog med IDI sine samarbeidspartnarar vil redusere denne risikoen.

I første del av 2025 har IDI blitt informert om at all støtte frå USAID blir innstilt inntil vidare. Vi ventar ikkje at dette skal ha resultatmessig effekt i 2024 for aktivitetar som allereie er gjennomførte, men det vil påverke bemannings- og aktivetsnivået for støtte til mellom anna Madagaskar og Komorane framover. IDI vil halde fram dialog med noverande og potensielle givarar for å sikre føreseileg og langsiktig finansiering. Dette er avgjerande for at riksrevisjonane i utviklingsland framleis skal få støtte.

Budsjettet for 2025 er på 154 millionar kroner og reflekterer mellom anna ein framleis vekst i etterspurnaden etter støtte frå IDI, styrking av organisasjonen for å dreie verksemda frå fysiske

møte til virtuelle og dessutan ein forventa pris- og lønsvekst. Akkurat som i 2024 planlegg Riksrevisjonen at tilskotet frå oss i stor grad skal gå til å støtte drifta av sekretariatet, men det skal gå til støtte av programaktivitetane òg.

# 6 Organisasjon, styring og utvikling

## 6.1 Rolle og oppgåver

Riksrevisjonen er den einaste aktøren som gir Stortinget ein samla og uavhengig revisjon av statlege verksemder, og kontrollane og undersøkingane våre tek utgangspunkt i det Stortinget har bestemt, til dømes lover og vedtak.

Undersøkingane våre er uavhengige og objektive og skal gi Stortinget eit fagleg grunnlag for å utøve den kontrollfunksjonen dei har overfor regjeringa. Utover faste pålagde oppgåver, som den finansielle revisjonen av årsrekneskapane og statsrekneskapen, vel vi sjølv kva vi skal undersøke. Stortinget i plenum kan likevel påleggje oss å utføre undersøkingar.

### Rammene for revisjonen vår

*Lov om Riksrevisjonen* definerer dei overordna rammene for arbeidet vårt.

Vi brukar INTOSAIs (International Organization of Supreme Audit Institutions) internasjonale rammeverk og standardar for offentleg revisjon. Desse inneholder grunnleggjande prinsipp og kvalitetskrav for riksrevisjonar.

Innanfor dette rammeverket jobbar vi uavhengig av Stortinget og statsforvaltninga.

### 6.1.1 Ny lov om Riksrevisjonen

I slutten av 2024 vedtok Stortinget ny lov om Riksrevisjonen, som trer i kraft 1. januar 2025. Lova erstattar gjeldande lov og instruks og byggjer på forslag frå utvalet som greidde ut verksemda til Riksrevisjonen, jf. Dokument 19 (2023-2024). Det er i fleire føresegner gjort innhaldsmessige og lovtekniske endringar, jf. Innst. 41 L (2024-2025) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen. I hovudsak er føreseggnene i lova ei vidareføring og presisering av gjeldande rett. Lova fører vidare at oppgåvene til Riksrevisjonen er rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av eigarstyringa til staten. Det er gjort enkelte endringar i leiingsmodellen til Riksrevisjonen ved at det blir innført eit skilje mellom oppgåvene til leiaren av kollegiet og oppgåvene til revisjonsdirektøren. Kollegiet får òg meir eksplisitt overordna ansvar for verksemdsstyringa. Desse endringane vil først tre i kraft 1. januar 2026.

### 6.1.2 Avtale om revisjon av Sametinget

Riksrevisoren besøkte våren 2024 Sametinget og hadde møte med plenumsleiinga, sametingsrådet og kontrollutvalet. Eit tettare revisjonssamarbeid var eit av temaa som blei diskuterte.

Riksrevisjonen er ekstern, uavhengig revisor for Sametinget på to nivå:

- Vi reviderer Sametinget for Stortinget.
- Vi reviderer den utøvande delen av Sametinget (Sametingsrådet og administrasjonen) på vegner av Sametinget i plenum, som er Sametingets øvste organ og myndighet.

I 2024 tok vi initiativ til å videreutvikle avtalen som blei inngått med Sametinget i 2020 om etterlevingsrevisjon (kontroll av disposisjonane) og forvaltningsrevisjon. Riksrevisjonen har avgjerdsmakt til å setje i verk revisjonar. Gjennomførte revisjonar blir rapporterte til Sametinget i

plenum. Arbeidet kjem i tillegg til Riksrevisjonens årlege, finansielle revisjon av rekneskapen til Sametinget og krev auka ressursbruk i samband med

- kompetanseutviklingstiltak
- systematisk risikovurdering på tvers av revisjonstypar
- løpende dialog med Sametinget
- årleg prioritering, gjennomføring og rapportering av revisjon
- tolke- og omsetjingstenester

Omfanget og finansieringa av etterlevingsrevisjon og forvaltningsrevisjon er under avklaring i dialog mellom Sametinget, Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), Stortinget og Riksrevisjonen. Vi vil òg avklare korleis offentlegheit skal praktiserast, mellom anna korleis føresegner om utsett offentlegheit eventuelt kjem til bruk.

## 6.2 Riksrevisjonens organisasjon

### 6.2.1 Riksrevisorkollegiet og revisjonsråden


Etter Grunnlova skal Stortinget utnemne fem riksrevisorar som utgjer Riksrevisjonens kollegium (styre). Dei blir valde for ein periode på fire år og tiltrer ved etterfølgjande årsskifte. Stortinget peikar samstundes ut leiaren og nestleiaren av riksrevisorkollegiet. Stortinget peikar òg ut personlege varamedlemer til kollegiet.

I desember 2021 valde Stortinget nytt riksrevisorkollegium for perioden 2022-2025. Karl Eirik Schjøtt-Pedersen leiar riksrevisorkollegiet.

| Riksrevisorkollegiet 2022-2025 |           |                          |
|--------------------------------|-----------|--------------------------|
| Riksrevisorar                  | Rolle     | Varamedlemer             |
| Karl Eirik Schjøtt-Pedersen    | Leiar     | Svein Roald Hansen       |
| Tom-Christer Nilsen            | Nestleiar | Beate Heieren Hundhammer |
| Helga Pedersen                 | Medlem    | Heidi Grande Røys        |
| Anne Tingelstad Wøien          | Medlem    | Tor Peder Lohne          |
| Arve Lønnum                    | Medlem    | Torstein Dahle           |

Revisjonsråden er sekretær for riksrevisorkollegiet og støttar leiaren av kollegiet i den daglege leiinga av verksemda. Jens Arild Gunvaldsen har vore revisjonsråd i Riksrevisjonen sidan 2016.

## 6.2.2 Organisering, medarbeidarar og regionalt nærvær



Vi er organiserte i sju avdelingar: tre reknesaksrevisjonsavdelingar, to forvaltningsrevisjonsavdelingar, éi administrasjonsavdeling og éi støtte- og utviklingsavdeling. Kvar avdeling blir leidd av ein ekspedisjonssjef. I tillegg har vi ein stab for styring og kommunikasjon, ein juridisk stab og ein internasjonal seksjon.

Dei administrative støttefunksjonane våre leverer tenester til heile organisasjonen. Funksjonane tek seg mellom anna av drift og utvikling av dei ulike systema våre, og dei leverer tenester som HR, løn, økonomi, arkiv, bibliotek, trygging, drift, reinhald, kommunikasjon, verksemderstyring og leiingsstøtte.

Ved utgangen av 2024 hadde Riksrevisjonen 424 fast tilsette. Medarbeidarane våre er hovudsakleg økonomar, revisorar, juristar og samfunnsvitarar. I 2024 utførte vi 407 årsverk.<sup>9</sup>

Hovudkontoret ligg i Oslo, og vi har regionskontor i Tromsø, Bodø, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Hamar. Ved utgangen av 2024 hadde 68 medarbeidrarar kontorplass utanfor Oslo. Kvart regionskontor hadde mellom 9 og 15 medarbeidrarar. Sjå meir om organiseringa vår på [www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no).



## 6.3 Riksrevisjonen si styring av verksemda

### 6.3.1 Kvalitetsprogrammet

Gjennom 2024 har Riksrevisjonen jobba med å gjennomføre kvalitetsprogrammet vi vedtok i oktober 2023 for å styrke verksemda og sikre at ho fungerer i samsvar med dei internasjonale standardane for kvalitet i offentleg revisjon. Vi har mellom anna jobba for å få på plass eit heilskapleg kvalitetsstyringssystem, som omfattar leiing, etikk, kompetanse, gjennomføring av oppgåver og overvaking av verksemda. Eit heilskapleg system skal på sikt vere ein del av Riksrevisjonens strategi, kultur, retningslinjer og prosedyrar.



Foto: Hest Agentur / Riksrevisjonen

<sup>9</sup> Sjå definisjon i kapittel 6.3.5

Gjennom kvalitetsprogrammet har vi 2024 teke eit aktivt steg for å handtere og korrigere identifiserte manglar og dessutan sikre god styring og kvalitetsoppfølging. Vi har mellom anna arbeidd med å forbetre kompetansestyringssystemet vårt, og dette arbeidet skal halde fram i åra framover. Vi har òg arbeidd for å forbetre verksemdsstyringa ved å forbetre innhaldet i og strukturen på dei styrande dokumenta våre og ved å forbetre bruken av ressurs- og økonomidata i den løpende styringa. Vi har fastsett kvalitetsmål som ligg til grunn for systematisk risikovurdering på verksemdsnivå. Dette skal setje oss i stand til å identifisere konkret risiko og setje inn målretta tiltak for å utbetre svakheiter i organisasjonen.

Eit eige tiltak i kvalitetsprogrammet var å etablere internrevisjon i organisasjonen. Funksjonen blei oppretta i august 2024. Internrevisjonen inngår i Riksrevisjonens system for styring og kontroll og er ein uavhengig objektiv stadfestings- og rådgivingsfunksjon for Riksrevisjonen, direkte underlagd Riksrevisorkollegiet. Internrevisjonen leverer både ordinære revisjonsoppdrag og bistandsoppdrag eller rådgivingsoppdrag. Føremålet er å identifisere forbettingsområde og styrke verksemdsstyringa, risikostyringa og internkontrollen i Riksrevisjonen. Hausten 2024 vedtok kollegiet internrevisoren sin revisjonsplan for 2025.

Ved å ruste opp og forbetre interne prosessar posisjonerer vi oss for å kunne handtere framtidige utfordringar og moglegheiter på ein effektiv måte.

### **6.3.2 Årleg verksemdsplan**

Den strategiske planen vår blir operasjonalisert gjennom dei årlege verksemdsplanane våre. Her fastset vi dei årlege prioriteringane for revisjonsarbeidet, det internasjonale arbeidet, utviklingsarbeidet og den faglege og administrative støtta.

Til grunn for verksemdsplanen ligg eit analysearbeid for å identifisere og prioritere nye revisjonsoppgåver. Dei interne risikovurderingane våre ligg til grunn når vi prioriterer andre oppgåver og utviklingstiltak.

Gjennom året vurderer vi resultata våre og måloppnåinga på bakgrunn av fastsette resultatindikatorar i strategien. Dette gjer at leiinga og riksrevisorkollegiet er i stand til å vurdere om resultata er tilfredsstillande, eller om det er behov for tiltak for å forbetre måloppnåinga.

### **6.3.3 Utviklingsarbeid**

Vi har mange pågående utviklingsprosjekt. Desse er ein føresetnad for at vi utviklar oss i tråd med måla i strategien vår. Digitalisering og automatisering står sentralt i arbeidet for kvalitetsforbetringar og meir effektive arbeidsprosessar. Vi porteføljesterjer dei største utviklingstiltaka basert på eit rammeverk for styring og oppfølging.

Porteføljen inneheldt ni utviklingstiltak ved utgangen av 2024. Desse bidreg på ulike måtar til å styrke oss innanfor dei strategiske måla våre. Porteføljen består til dømes av arbeid knytt til utvikling av revisjonen av Forsvaret og eit tiltak som handlar om å styrke det økonomiske handlingsrommet for investering i teknologi og kompetanse. Vi har òg tiltak om å skaffe nye digitale styringssystem for å styrke verksemds- og kompetansestyringa vår.

Eit av dei største utviklingstiltaka handlar om å utvikle og innføre ei sky- og informasjonsplattform med ei løysing for sikker utveksling, mottak, lagring og behandling av data. Vi forventar at tiltaket vil bidra til både det strategiske målet vårt om auka kvalitet i revisjonen og målet om ein meir effektiv organisasjon. Realiseringa av den nye plattforma vil gå føre seg i perioden 2025 til 2027.

Eit anna stort utviklingstiltak er eit nytt revisjonsstøttesystem for finansiell revisjon. Vi forventar at systemet vil bidra til betre kvalitet og effektivitet i finansielle revisjonar. Vi planlegg at det nye systemet skal vere ferdig innført i 2025, slik at det kan nyttast frå 2026 ved revisjon av årsrekneskapane for rekneskapsåret 2025.

### **6.3.4 Arbeidsmiljø, kompetanse og medråderett**

#### **Arbeidsmiljø og sjukefråvær**

Vi er opptekne av å ha eit godt arbeidsmiljø i Riksrevisjonen. I 2023 gjennomførte Riksrevisjonen ei arbeidsmiljøundersøking (MUST - medarbeidarundersøkinga i staten). Det var hovudsakleg gode resultat på verksemdsnivå, men det var store skilnader mellom avdelingane. I 2025 planlegg vi å gjennomføre ei ny arbeidsmiljøundersøking.

Det totale sjukefråværet i 2024 utgjorde 5,88 prosent, mot 6,6 prosent året før. Målet i 2024 var å redusere sjukefråværet til 5,6 prosent, som vi var nær ved å nå. I 2025 har vi planlagt å gjennomføre eit prosjekt for å sjå korleis vi kan redusere fråværet ytterlegare og kartleggje gode metodar for å jobbe med førebygging. I prosjektet jobbar HR, arbeidsmiljøutvalet, verneomboda og Nav tett saman med tenestemannsorganisasjonen og leiinga. Bedriftshelsetenesta blir involvert ved behov.

Vi hadde svært få oppseiningar i 2024. Alle som sluttar i Riksrevisjonen, blir tilbodne ein sluttamtale, og alle som gjennomførte sluttamtale i 2024, beskrev Riksrevisjonen som ein god og trygg arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, spesielt i eigen seksjon. Talet på tilsette som går av med pensjon, held seg på eit jamt nivå og har lege mellom 12 og 15 dei siste fem åra.

#### **Kompetanseutvikling og profilering**

I 2024 har vi arbeidd med å innføre eit kompetansestyringssystem. Dei viktigaste tiltaka vi har gjennomført i 2024, er at vi har utvikla revisjonsfaglege læringsløp og gjort ei kompetanseurdering i revisjonsavdelingane, og dessutan har vi etablert samarbeidsmøte mellom støttefunksjonane og revisjonsavdelingane. Funna i kompetanseurderinga dannar grunnlaget for ein kompetanseplan som skal støtte opp om verksemdsplanen og kvalitetsprogrammet.

Det viktigaste arbeidet vi gjer innan kompetanseutvikling, er det løpende arbeidet som skjer i avdelingane, og kompetansetiltak i regi av støttefunksjonane. Aktivitetane spenner frå grunnopplæring i revisjon og opplæring i spesielle tema til metoderådgiving, rettleiing og ikkje minst det å utføre arbeidsoppgåvane.

Rekruttering av enkelte typar av kompetanse er framleis utfordrande, men langsiktig arbeid med profilering og omdømebygging viser positive resultat. I 2024 hadde vi fleire kvalifiserte kandidatar enn før, sjølv om det framleis er krevjande å fylle stillingane innan finansiell revisjon og IT-revisjon.

På Universums rangeringar, som måler kor attraktive ulike arbeidsgivarar er, fall vi til 76. plass blant studentar og 78. plass blant erfarne kandidatar, ein nedgang på høvesvis 10 og 15 plassar frå året før. Dette reflekterer ein generell trend der revisjonsfirma og offentlege verksemder går noko tilbake.

#### **Medråderett**

Vi er opptekne av at tillitsvalde og vernetenesta får moglegheit til å vareta verva sine på ein god måte. Dette bidreg til gode prosessar og betre avgjerdsgrunnlag.

Tenestemannsorganisasjonane og arbeidsgivaren møtest fast i informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalet, der vi behandlar saker i samsvar med hovudavtalen og hovudtariffavtalen i

staten, dette er typiske saker som handlar om løn og organisatoriske endringar. Ifølgje den årlege evalueringa oppfattar partane samarbeidet som svært godt.

Vi har eit aktivt arbeidsmiljøutval og lokale verneombod som er med på å vareta interessene til dei tilsette i saker som gjeld arbeidsmiljøet.


### 6.3.5 Mangfold, inkludering og likestilling

Riksrevisjonen har inngått ein avtale om likestilling, inkludering, mangfold og forbod mot diskriminering med dei tillitsvalde, som ligg som vedlegg til tilpassingsavtalen. Denne avtalen beskriv mellom anna korleis vi skal vareta det ansvaret arbeidsgivarar har ifølgje likestillings- og diskrimineringslova.

#### Rekruttering og utvikling i årsverk

Kjønnsfordelinga blant dei som søkte på jobb hos oss i 2024, viser ei overvekt av mannlige søkerar, 541 menn mot 289 kvinner. Det var 109 søkerar som oppgav at dei har utanlandsk bakgrunn, 6 oppgav å ha nedsett funksjonsevne, 6 hadde hòl i CV-en<sup>10</sup>. Vi tilsette éin søker med utanlandsk bakgrunn. Blant dei som blei tilsette, var det flest menn: 17 menn mot 12 kvinner.

Utførte årsverk viser ressursinnsatsen i form av faktisk utførte arbeidstimar. Talet på årsverk er redusert frå 455 til 401 dei siste ti åra, som er ein nedgang på tolv prosent.



#### Kjønnsfordeling, løns- og arbeidsvilkår

Målet om minst 40 prosent representasjon av begge kjønn er innfridd i toppleiargruppa og i mellomleiargruppa. I alle saksbehandlarstillingar og administrative stillinger er det ei overvekt av

<sup>10</sup> For å bli vurdert som søker i desse gruppene, må søkerane med funksjonsnedsetjing ha behov for tilrettelegging på arbeidsplassen eller i arbeidsforholdet.

Søkerar med hòl i CV-en må ha hatt opphald frå arbeid, utdanning eller opplæring i til saman minst to år dei siste fem åra på grunn av sjukdom, psykisk sjukdom, rus eller soning, eller dei må ha vore aktive arbeidsøkjarar i fråværperioden.

Søkerar med innvandrarbakgrunn er søkerar som sjølv har innvandrar eller som er norskfødde med to foreldre som er innvandrarar.

kvinner på meir enn 60 prosent. Per 31. desember 2024 var 61 prosent av medarbeidarane våre kvinner.

| Stillingsgruppe                  | Kvinner (%)  | Menn (%)   |
|----------------------------------|--|--|
| Toppleiarar                      |  42,9   |  57,1   |
| Mellomleiarar                    |  51,4   |  48,6   |
| Høgare saksbehandlingsstillingar |  61,7   |  38,3   |
| Andre saksbehandlingsstillingar  |  80,0   |  20,0   |
| Andre stillingar                 |  61,6 |  38,4 |

Den lokale lønspolitikken vår byggjer på prinsippa for rettferdig påskjøning og fordeling. Her er det presisert at det skal vere lik løn for likt arbeid og likestilling mellom kjønna, og at alle skal vurderast ut frå innsats og kapasitet sett i samanheng med livsfase og stillingsprosent. I tillegg skal partane aktivt arbeide for at den samla lønsskilnaden mellom kjønna skal vere mindre enn eitt prosentpoeng på dei stillingskodane som har flest tilsette.

Det er generelt små lønsskilnader mellom menn og kvinner på alle nivå, men intern lønsstatistikk viser at kvinner gjennomsnittleg tener litt mindre på alle stillingsnivå. På leiarnivå (ekspedisjonssjefar, nestleiarar og seksjonsleiarar) tener kvinner 97,8 prosent av det mennene tener, medan kvinner på saksbehandlarnivå tener 97,4 prosent av det mennene tener.

Det er inga ufrivillig deltid i Riksrevisjonen. Normal lyser vi berre ut heiltidsstillingar, men i 2024 tilsette vi ein i deltidsstilling. Vi legg til rette for deltid når medarbeidarar har behov for det. I løpet av 2024 var det 23 personar som jobba i redusert stilling, anten mellombels eller som ei varig ordning. Av desse var 87 prosent kvinner.

I løpet av 2024 tok tre kvinner og to menn ut foreldrepermisjon. Kvinnene stod for uttak av 70 prosent av avvikla foreldrepermisjon.

Vi brukar i svært liten grad mellombels tilsetjing i Riksrevisjonen. Dei tre som jobba mellombels i løpet av 2024, var studentar. Vi har òg hatt to personar i arbeidspraksis og tilsett éin lærling.

## Forfremjing og utviklingsmoglegheiter

Så langt det er mogleg, skal tilsette få likeverdige utdanningsmoglegheiter og moglegheiter til å kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver. Dette skal sjåast i samanheng med livfasepolitikken og livssituasjonen til den enkelte.

Riksrevisjonen er ein kompetanseorganisasjon, og vi brukar store ressursar på løpende kompetanseutvikling. I 2024 heldt vi fram arbeidet med ordningar for opparbeiding av tre års revisjonspraksis for å bli statsautorisert revisor. I 2025 vil vi vurdere om fleire interne kurs kan gi etterutdanningstimar, og etablere ein prosedyre for denne typen kurs.

## Tilrettelegging og mogleighet til å kombinere arbeid og familieliv

Livsfasepolitikken vår er ein del av personalpolitikken og byggjer på statleg arbeidsgivarpolitikk.

Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass for medarbeidaran i alle fasar av yrkeskarrieren. Vi legg vekt på individuelle tiltak som er tilpassa livssituasjonen eller livsfasen til den enkelte, og som rettar seg mot mogleheitene til medarbeidaren framfor dei hindringane som eventuelt finst. Vi legg til rette for medarbeidaran med spesielle behov. Livsfasepolitikken blei oppdatert i desember 2023.

Tilsette som treng tilrettelegging som følgje av helse- eller livssituasjonen sin, får individuelle tilpassingar av arbeidsoppgåver, utstyr på arbeidsplassen og arbeidstid, og dei får mogleheit til å jobbe på heimekontor.

## Vurdering av resultatet av arbeidet

Samla sett meiner vi at dei tiltaka vi har gjort, er i tråd med målet vårt om å fremje likestilling, inkludering og mangfold og å hindre diskriminering. Å jobbe med desse tema er eit kontinuerleg arbeid. For å halde fokuset og sjå at vi er på rett veg, er det bestemt at vi skal ha ei ny arbeidsmiljøundersøking i 2025. Eitt av måla våre er at vi skal auke sysselsetjinga av personar som står utanfor arbeidslivet. Vi har likevel ikkje hatt kvalifiserte søkerar med hòl i CV-en eller nedsett funksjonsevne.

### 6.3.6 Berekraft

Vi er særleg medvitne om område som energibruk, innkjøp, resirkulering av avfall og reiser.

Hovudkontoret vårt er eit moderne og berekraftig næringsbygg som kombinerer effektiv ressursbruk med miljøvenlege løysingar. Bygget er sertifisert i samsvar med BREEAM-standarden og oppnår klassifiseringa «Very good». Bygget er i energiklasse A og har system som regulerer varme og ventilasjon gjennom døgnet, og som automatisk slår av lys i rom utan aktivitet.

Vi jobbar kontinuerleg med energisparande tiltak. Dette gjeld i hovudsak ventilasjonstider, setjepunkt for temperatur, avstenging av anlegget på søndagar og bevegelege heilagdagar og restriktiv bruk av ekstra varmekjelder. Vi har oppgradert alle lampar på



Foto: Riksrevisjonen

hovudkontoret til LED og vil gjøre det same på regionkontora. Desse tiltaka har ført til redusert energiforbruk. Vi har også skifta straumleverandør og implementerer grøn energi ved hovudkontoret i 2025.

Vi stiller fleire miljøkrav når vi gjør anskaffingar. Vi har bygd om delar av lokala for å tilpasse dei til dagens bruk og redusere areal. Dører og skjermvegger i glas blei så langt som mogleg brukte om att. Vi har forlengt levetida til mange kontormøblar ved å levere dei til gjenbruk og ombruk gjennom selskapet Movement. Kontorekvisita og reinhaldsartiklar er miljømerkte. Statistikk viser at Riksrevisjonen hadde ein andel på 74 prosent miljømerkt innkjøp gjennom rekvisita-avtalen til staten i 2024. Julegåva i 2024 blei levert i ubleikt kartong og inneheldt berre kortreiste matvarer.

IT-utstyret er energieffektivt, og vi har forlengt normal levetid på datautstyr frå tre til fem år. Avhendt IT-utstyr blir levert til Foxway AS, der IT-utstyret blir brukt om att. For kvar datamaskin som blir brukt om att, bidreg vi til å redusere utsleppa av karbondioksid, spare råvarer og stimulere til ei utvikling der produkta blir brukte meir effektivt. Vi har redusert papirforbruket og publiserer rapportane våre berre digitalt. Vi har PaperCut for alle multifunksjonsmaskiner, som reduserer unødvendige utskrifter.

Krav hos kantineleverandøren er bruk og innkjøp av minst 15 prosent økologiske matvarer og strengare miljøkrav til emballasje og eingongsartiklar. Kantina brukar ikkje eingongsemballasje til servering av matvarer.

Vi nyttar bildelingstenesta «Bilkollektivet» når det er behov for transport av varer og tenester.

Riksrevisjonen har i dei komande åra mål om å redusere talet på reisedøgn, talet på flyreiser og mengda klimagassutslepp over tid. Dette er i tråd med SN-måla for berekraftig utvikling. Frå 2023 til 2024 hadde vi ein marginal auke av talet på flyreiser totalt på 1,8 prosent. Vi har ein auke i innanlandsreiser, medan utanlandsreiser gjekk ned med 10 prosent. Vi har klare retningslinjer for å avgrense reiseverksemnda dersom det er mogleg. Revisjon av verksemder over heile landet, internasjonalt engasjement og vårt eige regionale nærvær gjer likevel at ein viss reiseaktivitet er nødvendig. Statistikk frå portalen til Riksrevisjonens reisebyrå Berg-Hansen viser at CO<sub>2</sub>-utslepp knytt til reiser gjekk ned med 3,8 prosent i 2024.

## 7 Framtidsutsikter

Riksrevisjonen har som visjon at vi skal vere *til nytte for morgondagens samfunn*. Noreg står overfor store utfordringar. Døme på dette er klimautfordringane, ei aldrande befolkning og det at inntekter frå oljeverksemda vil ha mindre å seie framover. Dette vil få konsekvensar for offentlege budsjett og stille nye og store krav til forvaltninga. Med dette som bakteppe skal Riksrevisjonen levere aktuelle og relevante revisionar som bidreg til meirverdi for Stortinget, forvaltninga og innbyggjarane.

For å få til dette skal vi prioritere undersøkingar på områda klima, samfunnstryggleik, forbetring, ressurstilgang og -bruk og dessutan varetaking av sårbare grupper.



Foto: Riksrevisjonen

I november 2024 arrangerte vi Forbetningskonferansen for andre gong (sjå omtale av konferansen på side 15). Gjennom konferansen vil vi tydeleg profilere arbeidet vi gjer for å forbetre offentleg sektor. Vi planlegg ein ny konferanse i november 2025.

Riksrevisjonen spelar ei viktig rolle for forbetring og omstilling av offentleg verksemd. Vi har ein ambisjon om å styrke dialogen med forvaltninga for å forstå eigenarten og behovet deira. Målet er å bidra til utvikling av forvaltninga, mellom anna ved å leggje meir vekt på rettleiing. Derfor må vi balansere kontrollen vår av forvaltninga med rettleiing og bidrag til forbetring av offentleg verksemd.

Samfunnsutviklinga krev mykje av oss når det gjeld både kompetanse og måten vi formidlar funna, konklusjonane og tilrådingane våre på. I år som kjem, vil vi derfor leggje vekt på å vidareutvikle kompetansen i organisasjonen og rekruttere ny kompetanse der det er nødvendig. For å lukkast må vi vere ein attraktiv arbeidsgivar som legg godt til rette for medarbeidarane, samstundes som vi held fram med den høge utviklings- og effektiviseringstakten vår.

Den nye strategiske planen vår, «Inn i ei ny tid», blei vedteken mot slutten av 2024 og gjeld for perioden 2025–2027. Strategien skal hjelpe oss med å oppnå samfunnsoppdraget vårt slik det er formulert i § 1 i riksrevisjonslova:

«Riksrevisjonen er Stortingets revisjons- og kontrollorgan, og skal bidra til den demokratiske kontrollen med at statens ressurser forvaltes forsvarlig og effektivt og i samsvar med Stortingets vedtak og forutsetninger.»

Hovudretninga i strategien er at vi skal spesialisere oss innan rekneskapsrevisjonen, utvikle ein meir variert portefølje av forvaltningsrevisionar, ta i bruk ny teknologi, effektivisere arbeidsprosessar og organisering og hente ut økonomiske gevinstar som skal investerast i kompetanse og teknologi. Strategien skal følgjast opp aktivt og vi har etablert resultatindikatorar for å følgje med på i kva grad vi er på veg mot måla. Dette vil òg vere informasjon vi kjem til å rapportere til Stortinget gjennom årsrapportane. Gjennom ein eigen handlingsplan har vi fastsett og prioritert tiltak vi skal setje i gang fram mot 2027 for å gjennomføre den strategiske planen.

## 8 Budsjett og rekneskap 2024

Riksrevisjonens rekneskap blir revidert av PwC, som er utnemnd av Stortingets presidentskap. Rapporten for 2024 viste at rekneskapen er utan vesentlege feil og manglar. Rekneskapen med notar og revisjonsmelding er send til presidentskapet i Stortinget.

Budsjett og kontantrekneskap for 2024 (i 1 000 kr)

| Kapittel | Post |   | Rekneskap<br>2023 | Budsjett<br>2024 | Rekneskap<br>2024 |
|----------|------|---|-------------------|------------------|-------------------|
| 0051     |      | Riksrevisjonen                                    |                   |                  |                   |
|          | 01   | Driftsutgifter                                    | 612 866           | 648 705          | 610 100           |
|          | 75   | Tilskot internasjonale organisasjoner og nettverk | 28 700            | 28 700           | 28 700            |
|          |      | Sum utgiftsført                                   | <b>641 566</b>    | <b>677 405</b>   | <b>638 800</b>    |

| Kapittel | Post |                   | Rekneskap<br>2023 | Budsjett<br>2024 | Rekneskap<br>2024 |
|----------|------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| 3051     |      | Riksrevisjonen    |                   |                  |                   |
|          | 01   | Refusjonar        | 2 219             | 0                | 0                 |
|          | 02   | Refusjonar utland | 1 429             | 300              | 947               |
|          |      | Sum inntektsført  | <b>3 647</b>      | <b>300</b>       | <b>947</b>        |

### 8.1 Mindreforbruk

Riksrevisjonens samla tildeling på kapittel 0051 var 677,4 millionar kroner i 2024, inklusive 6,3 millionar kroner overført fra 2023. Det blei utgiftsført 638,8 millionar kroner på kapittelet i 2024. Det gav eit mindreforbruk på 38,6 millionar kroner.

Mindreforbruket i 2024 kjem av fleire forhold. Lønsoppgjeret i staten for 2024 blei ikkje ferdigstilt før i slutten av november, og Riksrevisjonen vil ikkje utbetale resultatet av oppgjeret før i 2025. Vidare er enkelte prosjekt som blei sette i gang i 2024, forseinka, og nokre aktivitetar og tiltak som blei fullførte i 2024, kjem ikkje til utbetaling før i 2025.

I tråd med løvingsreglementet § 5 har Riksrevisjonen søkt om å få overført midlane til 2024. Dei skal gå til å dekkje etterbetaling av lønsoppgjeret for 2024, påkomne kostnader, og dessutan andre utviklingsprosjekt.

### 8.2 Leiarløningar

Løna til leiaren av riksrevisorkollegiet blir fastsett av Stortinget og var 1 861 215 kroner per 1. mai 2024. Dei fire andre riksrevisorane får godtgjersle på 11 prosent av løna til leiaren.

Løna til revisjonsråden var på 1 951 154 kroner (frå 1. mai 2023). Løna til dei sju ekspedisjonssjefane spenner frå 1 598 270 og 1 657 680 kroner. Gjennomsnittsløna utgjorde 1 631 056 kroner.

Verken årsløna til revisjonsråden eller ekspedisjonssjefane blei regulerte i 2024 på grunn av forseinka lønsoppgjer. Dette vil skje i 2025 med verknad frå 2024.

## Vedlegg

---

Vedlegg 1:

# **Leiingskommentarar til årsrekneskapen**

---





Vedlegg 2:

## Årsrekneskap Riksrevisjonen

---





Vedlegg 3:

## Revisjonsmelding

---

